

OFFA

– forteljingar frá ei øy



Ronnie M.A.G. Larsen

OFFA

– forteljingar frå ei øy

ÇAPPELEN DAMM

© 2008 CAPPELEN DAMM AS
Omslagsdesign: Magnus Rakeng

Satt med 11.2/14.5 pkt Sabon hos Type-it AS
Trykt og bundet hos GRAFICA VENETA S.p.A., 2008
ISBN 978-82-02-28469-5
2. opplag

www.cappelendamm.no

Det må ikke kopieres fra denne bok i strid med åndsverkloven eller avtaler om kopiering inngått med KOPINOR, Interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk. Kopiering i strid med lover eller avtaler kan medføre erstatningsansvar og inndragning, og kan straffes med bøter eller fengsel.

Til Jill Therese, Oda Sofie, Ask og Margaret



INNHALD

PRELUDIUM	9
REKORDEN	13
NEGEREN.....	17
SUPERRESERVEN.....	21
VERDSMEISTEREN	25
SLUDD.....	31
KATTEPINE	35
FASTLANDET	39
SVIGERS	47
JESSIE.....	55
STJERNER.....	61
SNØRET I BOTN.....	67
DRØMMEVITSEN	71
SOLBREND	77
CHANEL NO. 5	81
KIKKAREN.....	85
GRÅSONER.....	89
HUSET.....	95
KÅRE OG ELVIS	101
TWENTY 4 SEVEN.....	109
PUSLESPEL.....	117
POSTLUDIUM.....	123



PRELUDIUM

Kyrkja hadde ikkje vore så full sidan Kongen var på besøk. Olav V hadde skrevet namnet sitt på ein marmorstein i samband med opninga av brua. No var det Galne-Perry som skulle heidrast. Alle var der. Perry var død. I ein alder ingen var heilt sikre på hadde han no takka for seg. Folk flest sa at han var 52 og ein ting er sikkert: Folk flest har som regel rett ute på Giske.

Mannen med ljåen hadde stilt opp nede på samfunnshuset. Basar og tombola. Galne-Perry hadde vunne hovudpremien, ei fruktkorg frå Ola Ola og son. Det blei for mykje ekstase, druer og eple, hjartet svikta då alle var på veg ut og heim. Livet stod ikkje til å redde sjølv om både legen og tannlegen var der. På sikt fekk dei ei ripe i lakken begge to. Tannlegen meinte at han hadde blitt urettferdig dratt inn i dette i og med at munnen var hans spesialområde, men det var ein vanskeleg sak å kjempe. To dagar seinare blei han oppringd av Utposten, ei lokalavis som ifølgje logoen er Der det skjer, Når det skjer. Den hardt pressa legen måtte forklare dødsfallet under overskrifta «Basaren berga Norway Cup-tur».

– Eg kjente Perry og hjartet skranta, sa han. Perry døydde brått og fint utan smerte, slutta intervjuet. Folk var letta over at Galne-Perry hadde fått ein fin og snill

død. Det var liksom i livet han sleit mest. I sommarferien mellom sjette og sjuande leikte han med Moses, ein svær hund som kunne alt bortsett frå å sykle. Egil, faren til Piltten, var lei Moses og dritinga hans. Idet hunden sprang med ballen i kjeften smalt det like bak hovudet til Perry. Fleskebitane Moses skulle få for godt arbeid sklei ut av fingrane på guten. Moses døydde momentant. Hunden var ikkje til å kjenne igjen. Ballen trilla bort til ein tissevåt 13-åring. Egil mumla noko om å lære ei lekse og drithund. Dei to neste åra sa ikkje Perry eit einaste ord. Det var først da Egil stakk hagla i eigen kjeft, grunna feilmedisinering, Perry fekk att talens gåve. Då blei han Perry igjen, eller rettare sagt, det var då han blei Galne-Perry. Nokre veker etter bisettinga av hundemordaren hadde to ungdommar spionert på Perry som sat på huk og dreit. Galne-Perry hoppa rundt krossen, mens han imiterte Moses med bjeffing, pust og fakter.

Då presten la ut om alt det fine Perry Rasmussen ville bli hugsa for var det mange som reagerte. Det var nok berre presten, rektor og dei på sjukehuset som tenkte over at han hadde eit etternamn. Rasmussen. Det høyrdest staseleg ut. Perry Rasmussen. Begge foreldra levde og alle visste at dei heitte Per og Pernille Rasmussen, men ingen tenkte over at Galne-Perry hadde etternamn. Systera Perdy var heime i anledning broren. Det var over tjue års aldersforskjell mellom Perry og Perdy. Ingen hadde sett henne sidan ho reiste til Wisconsin for omlag 10 år sidan. Ho hadde fått nok av den helvetes litle øya. Det blei for smått. Ho skulle freiste lykka på High School. Perdy skulle bli berømt. Ho tok med seg ein koffert, og planen var å lese Sofies Verden på flyet over til USA. No stod Perdy Rasmussen ved preikestolen med krokodille-

tårer og leste frå eit bokmerke. Ho kjende ikkje broren godt, men i og med at foreldra ikkje takla presset følte ho at nokon frå familien burde seie noko.

Kyrkjegolvvet var fylt opp, benkane sjølvsagt, galleriet var ikkje lenger etter brannføreskriftene og utanfor sat minst 100 menneske som sakna Galne-Perry. Presten hadde vore føre var og etter eit hastemøte i kyrkjerådet hadde han fått mast seg til ein høgtalar for dei som ikkje fekk plass inne i Guds hus. Det var sjeldan kost for styret, det med plassen, men dette var utan tvil eit slikt tilfelle der kyrkjerådet kunne gå ut av sitt heilage skinn. Dei fekk låne skulens lydanlegg gratis, men betalte 100 kroner for mikrofon og leidning.

Perdy kremta før ho byrja med å seie at det var få som hadde gitt henne så mykje glede og omsorg som lillebroren. På den eine sida av bokmerket var det bilete av solsikler i ein vase. Det var noko kjent ved biletet, men namnet på kunstnaren var såpass merkeleg at Perdy ikkje brydde seg. Ho hadde funne bokmerket på rommet til broren. Det hang på veggen over senga, og må ha betydd mykje for han, tenkte Perdy. På baksida var det ein handskriven tekst som ho las høgt med amerikansk aksent: «God has Promised Us a Safe Harbour, but Not a Safe Journey». Ho repeterte det ein gong til, før ho sa kva det betydde, på utvatna giskedialekt, for dei som ikkje forstod.

Ute på gravplassen var det duskregn, men med rett erfaring visste ein at sola var i anmarsj. Songlæraren stemte i ein salme som alle kunne. Presten kasta rutinert på jord og sendte Galne-Perry til den trygge hamna. Alle gjekk til sitt. Perdy, Pernille og Per stod att. Perdy trøsta så godt ho kunne og etter ei stund foreslo ho at dei burde

dra heim. Oppe ved skigarden tok ho diskuré fram mobilen. Det var tre anrop frå same internasjonale nummer. Det kunne vente, ho var då ikkje heilt utan folkeskikk. I lomma kjente ho ein krøllete lapp. Det var bokmerket. I kyrkja hadde ho hoppa over helsinga som stod til slutt. Ho forstod det ikkje, kom sikkert aldri til å forstå det. Ho las det inni seg, «God has Promised Us a Safe Harbour, but Not a Safe Journey. To Hippopotamus, from Monkeyface».

Perdy hjelpte mora inn i onkel Peders bil. Så sendte ho eit hjarte og eit smilefjes over Atlanteren frå baksetet. Perdy minnst dei smale vegane. Ho hugsa smaken frå surgraset. Dei togg det ikkje fordi det var godt, men fordi det var gratis. Onkel Peder smilte eit godt å sjå deg-smil i sladrespegelen. Ho fekk auge på Ferje-Petter som gjekk mot den nedlagte ferjekaia. Han var godt opp i åra no. Ho minnst når han løfta henne og ho fekk ringje med ferjebjølla. For ikkje å gløyme når ho og Anne spytta i motvind og klysene svedde ukontrollert mellom bilane. Onkel Peder tuta og vinka til Ferje-Petter. Ferje-Petter gav respons.

Perdy heldt bokmerket i handa. Om to dagar skulle returbilletten føre henne heim eller bort, det var ikkje så viktig no. Solstrålane pressa seg fram. Ho visste at broren var trygt i hamn. Hunden Moses var der og. Han logra med halen og kom springande mot Perry Rasmussen. I kjeften heldt han ein ball. Endeleg.

REKORDEN

Rekorden på sykkel rundt øya er sju minutt og 33 sekund. Ein kar frå byen, Steffensen, hadde kapra den for to år sidan. Joggaren hadde brukt rett over 12 minutt på det kjappaste og no var det Willy-André sin tur til å teste kva lastebilen var god for. Han meinte at når ferja la til kai kunne han fyre opp Bedforden og vere tilbake på kaia tidsnok til å bli med til byen. Eit oppsiktsvekkande resultat om det gjekk bra og garantert ny rekord. Det einaste som bekymra Willy-André var at lastebilen var tyngre enn vanleg, han hadde fått ideen mens han fylte 120 liter svart diesel på tanken.

Normalt tok det i overkant av fire minutt å gjere ferja klar til avreise. Willy-André var klam i hendene, men blikket bak pilotbrillene var fokusert. Ferje-Petter hadde som vanleg ansvaret for lemmen når Sjøbris la til kai, samt senke bommen, ringje med bjølla og sleppe ferja fri når passasjerar og bilar var trygt om bord. Avtalen var at når bommen var på veg opp, skulle Willy-André starte rekordforsøket.

Joggaren blir sett på som ein roleg kar som trivast best i sitt eige selskap. Han hadde utvikla ein eigen springestil med hovudet litt på skeive. Det var haustvinden si skuld, meinte han. To rundar med lett jogg var unnagjort.

Ved neste lyktestolpe skulle han sprette meg satse på ny rekord. Han hadde trenet godt i år og satsa på at dette var dagen. Kassetten vart spola tilbake og snart skulle han springe sitt livs løp i fast forward. Målet var rundt øya på under 12 minutt.

Ferje-Petter nikka bekræftande til Willy-André før han trykte på knappen. Der! Bommen gjekk opp. Bedforden fekk ein hakkete start, men var kjapt oppe i eit godt sig. Folk gjekk i land utan å ane kva dei snart skulle vere vitne til. Om Willy-André klarte brattsvingen i 60 km/t låg det an til rekord, men først måtte han satse alt på å halde seg på den smale vegen. Møtte han ein bil, ei barnvogn eller noko så fortærande som Otto med hatten var alt håp ute. Otto med hatten var berre ute med Volvoen på søndagar, då køyrde han i 30 km/t med kona i baksetet og hatten på issen. Elles gnikka og gnura han polering på den spegelblanke lakken. Nei, Willy-André såg på det som eit usannsynleg hinder. Han var oppe i 80 km/t no.

Ferje-Petter såg på klokka og tenkte at han skulle vente i det lengste med å vinke om bord bilane. Taxi-Arne brydde seg som vanleg ikkje om signal frå ein slik lowlife som Ferje-Petter. Han stod fremst i køa og skulle på sjukehuset for å sjekke prostataen, det visste alle som hadde tatt taxi den siste månaden. Då han passerte Ferje-Petter peikte han ned mot skrittet og kryssa fingrane. Ferje-Petter tok seg sjølv i å gi han tommelen opp og mime lykke til i sakte bevegelser. Dei 8-10 bilane smaug seg om bord.

Dette er for godt til å vere sant, tenkte Willy-André. Det kommer faen meg til å gå. Om Ferje-Petter haldt køa litt var han sikker på at det gjekk. Han hadde klart Brattsvingen i 65 km/t. Fem over målet. No var det så

godt som strake vegen om bord. Dette skulle bygutane få høyre alt om. For ein rekord.

Joggaren var sliten og tok ut det siste. Forbi skigarden og rekorden skulle vare evig, tenkte han. Willy-André trudde ikkje sine eigne solbrilleglas då han såg ryggen og det vindskeive hovudet. Han forstod raskt at Joggaren var i si eiga verd. Willy-André skimta ferja som framleis låg til kai. Joggaren hadde berre 20 meter til mål. Han såg ned på stoppeklokka. Det var vanskeleg å fokusere, men han skimta 11-tallet. Willy-André låg i 85 km/t og hadde aldri følt seg meir fokusert. Han bremsa ned til 60 km/t. Det var då det heile starta om ein ser historisk på det.

Tømt for krefter kasta Joggaren seg ned ved lyktestolpen. Han var i mål, trykte inn stoppknappen og det måtte berre ha blitt ny bestetid. Musikken var høg og intens i øyrene, pulsen i maksfart og den psykiske spiriten upåklageleg. I ettertid hugsa Joggaren best lukta av gummi som knuste den venstre handa og stoppeklokka. Alt gjekk i sakte kino, men det var over på eit blunk.

Då Willy-André forsøkte å gire ned fekk han dei første signala om at lastebilen hadde hatt betre dagar. Kløtsjen rauk og gassen hengde seg opp. Det med gassen hadde skjedd før, men det med kløtsjen var uventa. Willy-André såg for seg korleis Joggaren blei trykt ned i asfalten som eit piggsvin utan piggar. Joggaren hadde kasta seg til side ved ein stolpe og Willy-André kjente ein liten dump då han passerte. Offa.

Jobben er gjort tenkte Ferje-Petter då han hørde bulder og tuting frå Bedforden. Men lastebilen suste rett forbi. Ferje-Petter forstod lite. Han sette i gong ein haleut-tida-debatt med billettøren om at klokka på vente-

skuret gjekk for fort. Pisspreik, meinte billettøren. Han hadde vel ikkje meint to rundar, tenkte Ferje-Petter før ein irritert Sjøbris-kaptein viste kva ferjehornet var godt for. Ferje-Petter ringte med bjølla, senka bommen og løfta lemmen. Det meste i feil rekkjefølgje, men akkurat no betydde det minimalt.

Då Willy-André passerte skigarden for tredje gong tenkte folk at det var noko som ikkje stemte. Etter fem rundar gav Fitte-Per beskjed til Sladre-Guri og ho brukte nettverket sitt for alt det var verd.

– Kom ned på kaia, men hald dykk unna vegen, var beskjeden folk fekk.

Det var rektor som fann Joggaren. Det einaste han mumla då han fekk vatn i andletet var, ny rekord, ny rekord, før han blei med den neste ferja til sjukehuset.

På eit tidspunkt skjønnte Willy-André at han måtte køyre tomt 120 liter svart diesel. Lastebilen stoppa like etter at 07:30 ferja hadde lagt frå kai. Willy-André var sliten og nøgd då han sprang bak ei garasje for å tømme sin eigen tank. Og det skal Willy-André ha, ingen har klart brattsvingen i 60 km/t 311 gonger på rad. Det blei rekord likevel, Galne-Perry sat oppe heile natta og telte rundane.

NEGEREN

Første gong Tommy såg ein neger, smugkikka han. Han var fire år og skulle aldri gløyme den svarte mannen. Guri budde like ved kaia og dei som kom med ferja måtte passere gardinene hennar. Ho hadde full kontroll. No fekk dei fleste telefon om at negeren hadde gått i land, med raud koffert. Fitte-Per hadde spytta etter han og nesten mista gebisset i sjøen. Fitte-Per var nærmare 60 år og sjølv om han fekk kallenamnet i ungdommen hang det på like naturleg som den blå kjeledressen. Folk var på vakt og negeren var svartare enn nokon gong.

Selgaren hadde vore på øya like før jul i fjor. I alle fall ein av same sorten. Han tenkte nok at det var godt med pengar å tene på bøker. Fine bøker. Dei beste bøkene han hadde lese, skulle han seie når dei kjøpevillige kundane opna opp. Dei fleste øybuarane hadde lært engelsk sidan fjerde klasse. Dei var godt førebudde, men følte det var i overkant å debutere mot ein neger. Det var tilsynelatande ingen heime adventstida -73.

Telefonsambandet gjekk varmt denne sommardagen. Eller rettare sagt dei tre timane negeren heldt ut. Han hadde blitt med halv fem-ferja tilbake til byen, kunne Guri formidle seinare på kvelden. Mora til Tommy låste begge låsane på ytterdøra. Lyspæra på kjøkkenet blei slått av.

Ho gjekk rutinert bort til stovegardinene og lukka dei. No var det berre å vente.

Det burde i teorien ikkje ta lang tid, men det varte og rakk. Mora blei rastlaus og Tommy måtte sinnssjukt på do. Faren køyrde brusbil og i kjellaren var det botnlause kjelder med Jolly-cola på glasflaske. Utedoen var like ved huset, men samstundes så uendeleg langt borte. Om vinteren pissa dei i kjøkkenvasken, men innsynet frå trappa og lyden av lunken gul Jolly-cola mot metall var ikkje særleg taktisk no. Tommy sleit og trippa. Mora forstod at dette var ein hastesak eller force majeure som rektoren ville ha kalla det. Når nokon sa til rektor at humoren hans var i det tørraste laget svara han alltid, utan unntak, at i Sahara brukar dei sandpapir til kart, der er det enno tørrare. Det skulle ta nokre år før Tommy blei offer for dei tørre vitsane. No var det snakk om sekund før han var den våtaste personen i Europa.


Mora drog til seg den nye jokkapalmen ho hadde kjøpt på sal, løfta den opp av potta og haldt terrakottaen framfor guten. Ho var sint så lavt ho kunne.

– Piss!

Tommy lirka fløyelsbuksa og trusa ned til oklene og livet fekk meining. Då dei siste dråpane vart pressa ut hørde dei lakkskoa. No var han her. Tommy lente seg mot gardinene og fann ei glipe. Mora stod hjelpelaus med jokkapalmen i den eine handa og ei blomsterpote full av piss i den andre. Ho visste at det siste ein burde gjere når negeren var på døra var å lage lyd.

Negeren banka på, men ikkje så hardt som ein kunne frykte. Det tok mora om lag 13 hjarteslag før han banka igjen. Litt hardare, men framleis overkommeleg. Han gjekk ned trappa og det var då det skjedde. Det høgre

auget hadde fått god sikt mellom gardinene og utan dybdesyn såg Tommy den svartaste mannen som hadde gått i to skor. Ein blåneger, sa Torgeir André to dagar seinare. Blånegeren snudde seg mot døra, tok tak i den like tunge kofferten og gjekk vidare. Han bar på dei beste bøkene i verda. Tommy var halvnaken i tussmørket og hadde eit godt tak rundt den minste tissefantan på øya. Då faren kom heim hadde han allereie høyrd ryktet. Tommy fortalte ivrig om jokkapalmen, besøket og mora medan han drakk brus med sugerør. Dei var lykkelege og åt søndagsmiddag sjølv om det var midt i veka.



SUPERRESERVEN

No var rommet rydda ein gong for alle. Det var godt over leggjetid. Lille-Kjell var vaken og gledde seg sinnssjukt til å stå opp. Han hadde rydda perfekt denne gongen. Til og med buksene og genserane var i system. Hardy-bøkene stod på rekkje og Guinness Rekordbok gav støtte på enden av hylla. Skulebøkene stod øvst på skrivepulten. Pennalet låg i den grønne ranselen saman med atlasen. Dei fleste blyantane var spisse og klar til dyst. Viskelêret var nytt. I morgon var det geografiprøve og Lille-Kjell kunne landa i Europa på rams. Sovjetunionen i aust, Jugoslavia i sør, Irland i vest og Noreg såg ned på heile sulamitten. Lille-Kjell visste at neste år måtte han kunne hovudstaden, men morgondagen var nok framtid.

Prikken over i-en var opptakskassetane som var ordna etter dato. «Ti i Skuddet» den 13. februar mangla, men elles var samlinga komplett. Plakatane var det einaste ein kunne setje fingaren på. Den ved døra såg litt skeiv ut, men i forhold til taket var den i vater og vel så det. Det meste av teip gjekk med då den store Liverpool-plakaten blei plassert over senga.

Globusen var den einaste lyskjelda i dette perfekte universet. Lille-Kjell låg under dyna, såg på kloden og hadde det betre enn nokon gong. I handa heldt han den nye

lommeboka. Han hadde betalt den sjølv og etter handelen var sparepengane borte. Lukta av skai var knall og Lille-Kjell hørde lommeboka knirke når han opna den. Anette smilte mot han frå passfotoet. Lille-Kjell løfta henne forsiktig ut av plastlomma. To frimerke frå Trinidad og Tobago slo følgje. Han hadde fått bytta frimerka mot eit gult engelsk der motivet var ei dame i profil, sannsynlegvis dronninga. Tobago-frimerka var dei største og mest fargerike nokon visste om. Dagens fangst hadde vore eit kupp. Frimerka vart lagt til side og han studerte si eiga dronning. Ein dag skulle han kysse og Anette var utan tvil den rette.

Det einaste som stod mellom Lille-Kjell og leppene hennar var Geir Ove. Geir Ove var to år eldre og kunne knapt hovudstaden i Sverige. Han hadde sett dei kline for to dagar sidan ved ripsbuskane bak skulen. Det var då Lille-Kjell vart forelska på ordentleg. Bestekompiisen, Odd, hadde som vanleg smugrøykt og han prøvde å få vekk røykanden ved å ete enorme mengder med rips. Foreldra til Odd hadde sagt at det blei moped om han heldt seg borte frå alkohol og nikotin fram til 16-årsdagen. Odd klarte ikkje å la ver, han sprakk på jonsok og påsto at røyksuget var medfødt. No handla det om å ete rips i fire år til. Fire år før livet skaut fart på to hjul og 50 kubikk.

Då Anette og Geir Ove kom hand i hand hoppa dei to kompiisane ned i ei grøft som var halvfull av kloakkvatn. Anette stilte seg med ryggen inntil veggen på transformatorhuset. Geir Ove såg seg rundt før han kyssa henne. Først på halsen før instinkt viste veg opp til munnen. Ein amatør av fyrste klasse, tenkte Lille-Kjell. Det såg klønete ut. Geir Ove førte handa over den rosa Millet-jakka.

Så blei idyllen brutt. Det var ikkje ein passerande bil eller presten som øydela stemninga, det var Odds røykhoste.

– Kva i helvete er det dykk driv med. Spionerer? Hæ!?

Lille-Kjell sa generelt sett svært lite og Odd var ikkje akkurat i angrepsposisjon.

– Sjekk. Han har mensen i trynet.

Geir Ove lo av seg sjølv og peikte på Odd som hadde raud ripssaft rundt heile kjeften. Hosten hadde roa seg og Lille-Kjell prøvde å løfte den eine foten på trygg grunn.

Støvlane gav frå seg ein svak vakuumplyd før dei sat bom fast i kloakken.

– Kvar er det Lille-Kjell trur han skal då?

Geir Ove tok eit hardt tak i luggen og det uunngålege skjedde. Lille-Kjell fall bakover og kloakkvatnet rann frå nakkekragen og nedover ryggen. Ikkje eingong no sa Lille-Kjell noko. Anette tok tak i handa til Geir Ove.

– Kom, sa ho.

Geir Ove blei med henne etter å ha sagt idiotar og gjenteke det berre for å vere sikker. Odd hjelpte beste-kompisen opp og mens han tok ein klase rips for heimvegen, fann Lille-Kjell eit passfoto av Anette. Ho måtte ha mista det.

Lille-Kjell tenkte at Anette hadde berga livet hans. Garantert. Ein dag skulle han invitere henne inn på rommet som takk. Dei skulle gjere lekser saman og i helgane kunne dei leggje puslespel. Dei skulle høyre på «Ti i Skuddet» og gi poeng. Ho skulle lære seg namna på dei beste Liverpool-spelarane. Dalglish, Hansen, Rush, Neal, Grobbelaar og Fairclough. Onkelen hadde gitt Lille-Kjell gigantplakaten og sagt at guten likna på raudhåringen David Fairclough. Han var reserve, fortsette onkelen, men kvar gong han blei bytta innpå hadde han skåra mål.

Kvar gong! Han blei omtalt i avisene som superreserven. Han var den beste.

Kanskje det hadde vore noko tenkte Lille-Kjell. Når Anette blei lei av Geir Ove kunne han stå klar for å bli bytta innpå. Kanskje ikkje skåra, men litt speletid no og då hadde gjort seg. Liverpool, tenkte han så høgt at han blei usikker på om han sa det. Det perfekte laget. Ved porten til Lille-Kjell hadde det meste av skit størkna og kameratane gjekk til sitt utan vidare snakk.

Lille-Kjell såg på biletet av Anette, kyssa henne forsiktig og la det tilbake i lommeboka. Frimerka lirka han inn framfor passfotoet. Ho var hans løyndom. Globusen lyste og Lille-Kjell hadde enno ikkje funne Trinidad og Tobago. Utanfor køyrde mopedar til og frå. Nokon lo i det fjerne. Borte ved krysset var det ein gjeng som roppte og styra på. Dei hadde fått nyss i at Lille-Kjell hadde blitt døypt i kloakken og det nye namnet vart Kloakk-Kjell. Dei skulle kalle han det resten av barne- og ungdomsskuleen. Sjeldan slik at han hørde det, men eit drypp no og då skulle halde. Lyden av mora nærma seg soverommet. Ho opna døra forsiktig, lista seg inn og Kjell lot som han søv då ho breidde dyna rundt han. Ho strauk guten sin over håret. På veg ut skrudde ho av kloden.

VERDSMEISTEREN

Ola Ola ser ikkje Martin nedanfor disken. Guten slår krona borti eikekanten ein gong til. Ola Ola snur seg frå stabling av mjøl og rosiner og vert overraska over besøket. Han ser over brilleglasa og vert i godt lune.

– Har du vunne på fotballen alt?

Ola Ola tørkar fingrane på den brune frakken og går ned frå trekrakken. Martin held fram krona mens butikk-eigaren lagar tikkelyd med munnen og ristar på hovudet.

– På ein tysdag altså?

Han veit kva guten skal ha og tek til å fylle opp ein trekanta papirpose. Krona ser gammal ut, men Martin veit nøyaktig kva den er verd.

– Karius og Baktus har det godt hos deg, hæ?

Gebisset glir litt ut av stilling, men kremmaren justerer det på plass.

– Eg hadde null hol. Var der i går, smiler den snørete kunden.

Han tørkar nasen på dei altfor store strikkavottane. Dei dyvåte, skeivtråkka snøjoggarane er kalde, men det gjer ingenting. Martin kontrollerer antall karamellar som skal i posen. Forskjellig farge på dei fleste. Ola Ola tel til ti og med eit smil seier han ti ein gong til og legg den

ellevte karamellen i papirposen. Ola Ola gir frå seg herlegdomen og får oppgjeret. Martin presser vekas høgdepunkt oppi boblejakkedomma og får hjelp med glidelåsen. Bjølla over døra takkar for besøket.

Ute fyk den lette snøen over den tunge. Åtteåringen dreg sparken ut av brøytefonna og sparkar i veg. Typisk at det er motvind på heimvegen og, tenkjer han. Snøjoggarane har eit overraskande godt gripetak. Kommentatorane vert ivrigare og høgare. Dei fortel at Martin sparkar fortast i heile verda og at det er no det gjeld, det er dette han har trenar for i heile sommar. Men han må passe seg, alle dei beste konkurrentane ligg like bak, det er framleis kamp om VM-tittelen. I vegkanten er det folkefest og dei ropar Martin, Martin, Martin! Martin bøyer hovudet for å minske luftmotstanden nett slik støtteapparatet har sagt. Alt er tenkt på. Det er slik det skal vere for ein meister. Publikum hylar no. Martin ser seg bakover. Fjorårets verdsmeister nærmar seg.

Det gule lyset frå brøytebilen kjem alltid før motorduren. Heile feltet stoppar, i framtida skal folk kalle det fenomenet Fair Play. Martin riggar seg til i ei fonn og då Willy-André har passert med ploegen kjem eit drag-sug med lett snø. Alle ventar på signalet frå dommarane. Publikum held pusten. Dieselduren forsvinn. Ei dommarstemme tel ned frå tre og på ein gir han alt det sparken er god for. Konkurrentane kjem nærmare. Kommentatorane snakkar så høgt og fort at ingen forstår kva som blir sagt. Snørret renn, Donald-lua er varm og glir nærmare og nærmare auga. Eit spark til. Der! I mål! Martin frå Noreg er best. Heider og ære. Det vert intervju i Sportsrevyen søndag kvart over ni og pengar nok til å kjøpe alt han peiker på hos Ola Ola. Sparken glir

mot trappa. Han viftar med lua som takk til publikum. Sveitten siler. Sparken har ein heilt spesiell vinnarplass under trappa. På toppen ventar pokalen. Han spring opp og pokalen vert gløymt når han kjenner dufta av lapskaus.

Døra er treg og han må løfte den opp og ut. Hunden veit kven som kjem og bjeffar. Lassie hoppar opp og sleikar velkommen.

– No må ho snart lære seg å teie still!

Faren er irritert. Han ligg som oftast på sofaen og kviler auga. Han tenkjer. Har alltid ein plan eller eit prosjekt som snart skal få alle på øya til å beundre han. Det siste no er at han skal trene til sykkelrittet Trondheim-Oslo. Ergometersykkelen er i hus, men etter å ha skada seg i seks av ti fingrar då han skulle montere ei strammefjør har det ikkje blitt så mykje meir. Mora kjem med ei tom skitnekledekorg frå kjellaren.

– Hugsa du å setje sparken under trappa, spør ho.

Lassie bjeffar høgare.

– Hald kjeft, kjem det frå stuegrisen.

Martin veit at Lassie liker å bli klødd bak øyrene. Collien smiler.

– Hugsa du å setje...

– Jada!

Eg set då alltid sparken under trappa. Kvifor spør ho, tenkjer han.

Faren får eit hosteanfall og hundens merksemd. Den spring spinnande med lavt tyngdepunkt bortetter parketten og opp på ein fortvila eigar som kjeftar mellom hostekulene. Mora er på badet og Martin sparkar laus snøjoggarane.

– Set dei fint på plass, ropar ho utan å sjå han.

Martin plasserer dei ved farens tresko. Han opnar gli-delåsen og tek ut posen som er litt våt. Den eine votten fell ned på golvet. Han bryr seg ikkje.

– Slepp han ut, seier faren når han ser sonen og nikkar mot verandaen.

Martin finn ut det er for seint då han trakkar midt i ei søyle av hundepiss. Faren ler ironisk.

– Sånn går det når ein absolutt skal ha hund i hus, ropar han slik at den som er på badet ikkje kan unngå å høyre det.

Lassie blir slept ut på ein snøfylt veranda. Nokre brune ruer ligg her og der og snøen er kvit med nyansar av gult. Mora kjem inn med ein klut.

– Har du kjøpt karamellar, seier ho.

Han nikkar til henne og viser dei stolt fram.

– Kvar har du fått pengar frå?

– Eg fekk ei krone då eg leverte tippekupongen for far-mor.

– Helvete, roper faren som er midt i prosessen med å rulle ein røyk med berre fire friske fingrar. Han ser på klokka og kastar frå seg det som kunne blitt ein rullings.

– Lommeboka di? Kvar er lommeboka di? repeterer han før ho rekk å svare.

– Det veit du.

– Helvetes tipping, mumlar han før han legg til at det er han som må fikse alt. Faren grip nokre kupongar frå den kalde peishylla. Han trækker i hundepisset og banner heilt til han får vrent av seg strømpene og gått inn i treskorne.

– Kan ikkje du vente til vi har ete då, seier mora.

Faren orkar ikkje å svare på eit slikt idiotisk forslag. Frå kjøkkenvindauget ser Martin at faren røskar

fram sparken og forsvinn med elendig sparketeknikk ned vegen.

Lassie hoppar opp på eit allereie oppskrapa verandavindaug. Hunden kjem inn og den hårete halen pendlar i lykkerus. På veg inn på rommet ser han farens tippekupongar i gangen. Mora er på veg ned trappa med strømper og klut. Inne på det store soverommet ligg den nyfødde søstera. Martin må vere stille, det veit han. Ho er vaken. Han låser seg inn på sitt eige rom. Hunden hoppar opp i senga sjølv om det er strengt forbode. Martin legg seg under dyna med kledda på. Brettar puta dobbelt, let att auga og opnar posen. Det er no det gjeld. Han må ta fram karamellen med blått papir først. Martin føler seg fram i posen. Der. Heilt klart blått. Han fører den sakte ut, luktar på den. Vanskeleg, men spennande. Den er utan tvil blå. I det fjerne kan kommentatorane høyrast og dei meiner at situasjonen er uuthaldeleg. Vil han klare dette? Publikum ropar, Blå! Blå! Blå! Martin held karamellen hardt inne i knyttneven. Han veit at han er best på dette. Sannsynlegvis den beste til å tippe fargen på karamellpapir i heile verda. Strammar neven til det maksimale. Snart skal han hyllast av ei heil verd. Alt han må gjere er å aldri opne auga.



SLUDD

Det er ingen som verkeleg likar Turid. Ho er feitare enn det som er anbefalt av regjeringa, ho er snart 58, ser ti år eldre ut og er sjølvopptatt til tusen. Vidar er heller ikkje noko glansbilete, men han er hyggjeleg mot folk. Vidar sitt største problem er at han er gift med Turid. Det har han vore ein plass mellom 35 og 40 år. Han slutta å telje for lengje sidan.

Det nærma seg årets antiklimaks, julaftan. Dei hadde handla mat for langt inn i januar og kjøpesenteret på Moa stengde om fem minutt. Tre timar i kjøpesenter-helvete var snart over. Turid hadde ny permanent. Ho tok permanent fleire gonger i året. Ideen med permanent var vel at det skal vare for alltid, brukte Vidar å seie, men då fekk han beskjed om ikkje å bry seg.

Alt var i boks, men Turid irriterte seg over mjølet. Vidar hadde teke grovt, det var sunnare, det kunne då ikkje skade for nokon av dei, tenkte han.

– Klart det spelar rolle, sa ho.

– Men... men butikken er stengd no, prøvde han seg.

Vidar hadde skrudd klokka ti minutt fram slik at tida og livet skulle gå litt fortare. Han tok ein sjanse og rekte fram handa. Ho såg på viserane med eit halvt auge før

ho bles ut i lufta. Det gjekk. Ho trudde på det. Den overvektige feite kjerringa beit på, tenkte han.

Dei nærma seg skyvedøra, på folkemunne kalla perleporten. To flotte byjenter som delte ut gratis kondom, pakka saman standen. Kjøpesentervakta flørta med begge. Vidar tenkte at han ikkje trengde kondom. Den sikraste prevensjonen i fylket gjekk tre meter bak og ho var hans. Berre hans.

Ute sludda det og handlevogna var full og vel så det.

– Skynd deg!

Ho peikte på dei nye krøllane sine.

– Tåler ikkje vatn før om 18 timar.

Ho fumla i den flotte veska si på jakt etter lighteren med gullbelegg. Ein Pall Mall med filter venta i kjeften.

– Det er kaldt, mumla ho.

Turid dreg eit realt magedrag og bles røyk uappetittleg rundt seg. Han snur seg ikkje for å sjekke, berre veit det. Handlevogna slit og det eine hjulet har allereie juleferie. Vidar har blikket festa på stasjonsvogna. Det kvite vatnet frå himmelen legg seg på dressjakka, i håret og i andletet. Maks ei halv fotballbane att, tenkjer han. To tenåringar jobbar iherdig for å få omlag 20 handlevogner trygt i hus. Det er eit lurveleven utan like. Ungdommen er klar for jul, Vidar gler seg til januar.

Endeleg framme. Han sjekkar først høgrelommene. Sjekkar venstrelommene. Helsike. Full retrett. Når han nærmar seg henne står ho framleis tørr under tak og viftar med bilnøklane.

– Du treng høyreapparat! Høyrer du?

Ho gjentek det med overdriven høg og tydeleg stemme. Han grip nøklane, ho held dei fast.

– Kjøpte du Q-tips, forresten?

Han nikkar mens blikket følger med på kjøpesentervakta som stengjer. Ei kvinne i elektrisk rullestol vert nekta åtgang.

– Perleporten er stengd for i dag, seier vakta.

Turid slepp taket, Vidar snur, ho bles røyk.

– Eg berre ventar her, eg.

Alle posane er på plass, han sit bak rattet, ingenting er tørt. Det doggar på vindauga og varmeapparatet jobbar for fullt. Turid set seg inn, slepp sneipen på bakken og smell att døra.

– Du får køyre innom mor.

Ho vrikkar seg inn i passasjeret og plasserar handveska mellom føtene. På veg ut av parkeringsplassen stoppar han framfor eit overgangsfelt. Kvinna i rullestolen strever seg over vegen. Det eine hjulet spinn litt og ho helsar som takk. Vidar funderer på om han er pliktig til å stoppe for ein elektrisk rullestol ved overgangsfelt. Det sluddar tettare no. Han skruv viskarane på maks og veit at det ergrar henne.

Dei står fremst i ferjekøa. Den einaste bilen med motoren i gong. Oskebegeret er fullt, men ho pressar ein ny oppi. Frå radioen syng Lynn Anderson klassikaren Rose Garden.

– Kva skal du der?

– Ah, den er fin, seier ho og skruv opp lyden, tenner ein røyk og opnar vindaugget på gløtt. Ho diggar for seg sjølv og nynnar vokalen i ein annan toneart. Vidar dempar lyden.

– Kva skal du der?

– Mjøl! Fint mjøl!

Ho skruv lyden høgare enn før og dei køyrer om bord i Sjøbris.

Vidar ventar alltid i bilen når raske gjeremål skal utfø-
rast. No hadde ho vore lenger enn vanleg. Han får først
auge på paraplyen. Han tenkjer at ho liknar ein feit flu-
gesopp når ho kjem gyngande. Ho set seg inn og kastar
paraplyen i baksetet. Turid seier ingenting, men har tyde-
legvis felt nokre tårer. Eit sjeldant syn. No var ho alvor-
leg og lei seg.

– Kva er det?

– Køyr!

Han startar motoren, ryggjer ut oppkjørselen før han
gjentek spørsmålet. Ho hikstar høgt og då ho seier det,
høyrer han ikkje heilt, skjønar det ikkje. Han får henne
til å gjenta.

– Far flyttar ut, ropar ho.

Ho gråter og mumlar utydeleg igjen. Vidar setter bilen
i fyrstegir. Det har slutta å sludde og på lokalradioen er
det radiobingo. Turid gråter mellom tala. Han legg ei
trøstande hand på skuldra hennar. Ho seier at han må
skjerpe seg.

Ein song han har høyrd tusen gonger får Vidar i jule-
stemning. Vel heime spring ho inn i huset. Han sniffar
inn den friske adventslufta og finn Karlsvogna, den stør-
ste. Det er lengje sidan han har teke seg tid til å sjå opp
mot ein klar kveldshimmel. Vidar ser på klokka, stiller
den femten minutt bakover og frå no av skal han leve
fem minutt før alle andre. Bilen er full av mat. Det kan
vente. Vidar vil først gå ein runde rundt øya, kanskje to.

KATTEPINE

Haldor var den første på Giske med cd-spelar i bilen. Det var nok bassen som gjorde at han digga det sveitsiske bandet Yello. Det kunne høyrast ut som dei laga musikk spesielt for Ford Taunus, tenkte han. Haldor digga med fingaren på rattet. Digga som faen. Åleine.

Tidlegare på dagen hadde Oddis skifta frontpærene på Taunusen i same slengen som Haldor skifta til sommardekk. Oddis hadde tatt over bensinstasjonen etter faren men hadde i grunn lite greie på bil. Anlegget drog meir straum enn planlagt og dei gamle pærene lyste knapt når Haldor køyrde frå skulen, ned på kaia, gjennom byggefeltet, bort til moloen ved bruanlegget og ned på kaia igjen. Han låg sjeldan under fartsgrensa, men skulle aldri noko og hadde alltid dårleg tid når han ein sjeldan gong måtte snakke med folk. Oddis hadde stilt lyktene feil slik at dei nye pærene lyste oppover. Dei møtande bilane lurte på kvifor Haldor køyrde rundt med langlys. Jævla idiot tenkte dei og blinka som besett, men Haldor tenkte berre at han var popis.

Det var mellom låtane «Stalakdrama» og «Koladi-ola» på Yello-plata at han høyrde dunket. Han bråstoppa. Haldor hadde ikkje sett noko spesielt, men lyktene lyste opp toppen av stortreet ved kyrkja når han stoppa bilen.

«Koladi-ola» kom på for fullt og han skvatt til. Han fomla borti Pioneren og etter å ha vore innom begge radiokanalane fekk han slått av. Det blei stille. Han sette bilen i revers, men ryggelyset var heller svakt. Vanlegvis ville Haldor drust på utan å tenkje på noko anna enn å gi faen, men dette var ekkelt. Sjølv for ein einsam ulv. Han opna døra og ved hjelp av kupélyset skimta han katten. Den pusta tungt. Haldor såg seg rundt. Sjølv om han var letta over at ingen hadde sett situasjonen kunne han trengt nokre råd no. Ein skada katt ville gje næring til ein allereie plaga nattesøvn. Det å berge katten slo han fort frå seg då siste ferja hadde gått og veterinær var noko dei berre hadde i byen. Det ville vere for dumt å ringje etter doktorbåten, tenkte han og konkluderte med at døden var den lettaste utvegen. Han bikka fram førarsetet og mellom subben og dørken låg jekken. Ein svart liten sak som var meir enn tung nok til sitt bruk. «Haldor Was Here!» stod det med sølvtusj over heile. Han lirka den ut og til si store overrasking prøvde katten å stikke av. Ikkje faen. No hadde han psyka seg opp til å drepe og kva liv hadde vel ein halvdød katt framfor seg? Han fekk tak i pusen like bak bilen. Dei raude lysa blanda i eksos gjorde det heile ganske dramatisk. Haldor hadde eit godt tak rundt offeret og med høgre hand heva han jekken.

Herregud for eit hyl. Dersom eit menneske hadde fått noko tilsvarende stort og tungt i hovudet ville det ikkje ha vore krefter til noko lyd. Det var slikt Haldor brukte å tenkje på når han køyrde rundt om natta. Men katten var kampklar og floskelen om ni liv var eit faktum. Katten klora Haldor slik at han nesten mista taket.

– Ai Satan, ropte han.

Smerte blei til kraft og etter det andre slaget var katten

stein daud. Kattehovudet var flatt. Den steinvaska don-geribuxsa og dei kvite sokkane hadde fått katteblod på seg. Han reiste seg opp og sparka skrotten inn til vegkan-ten. Helsike altså, tenkte han og bikka tilbake førarsetet. Motoren blei slått av og han måtte ha seg ein rullings. Ein feit rullings og ikkje ein slik fattigmansrøyk som det var vanskeleg å få sugd noko utav. Han sette seg halv-vegs inn i bilen. Pusta ut. Det var då han slikka Rizla-papiret han hørde lyden. Han såg bort på pusen. Stille og daud. Han hadde vel ikkje begynt å høyre syner, tenkte han. Lyden kom ein gong til. Helvete. Han trekte til seg føtene. Kattelyd under bilen. Satan. Han sjekka om cd-spelaren var på. Kunne aldri vite kva Yello var god for. Der kom lyden igjen. Det var ikkje tvil om at det var ein katt som blei pint, ein katt som heller ville dø enn leve. Haldor tok eingongs-lighteren og vridde flammestyren på fullt. Han manna seg opp og steig ut i mørket. Flammen lyste opp understellet av Taunusen og på asfalten såg han ein blodpøl som vaks sakte. Blodet rann ut av kjef-ten og det eine katteauget hang etter noko som sikkert var nervetrådar. Auget var flatpressa, på størrelse med ei krone, kanskje ein femmar. Det går faen ikkje an. Feil katt? Korleis i helsike kunne eg ha slått i hel feil katt, undra han.

Haldor fyrte opp motoren. Lysa lyste opp vegen mot kattehimmelen og sette giret i revers. I mørket berekna han sånn cirka kvar katt nummer to låg. Han slo på anleg-get, skippa til «Oh Yeah» og akkompagnert av denne hiten kørde han over katten for andre gong.

Haldor bestemte seg for å kòye ekstra tidleg. Nok action for ein kveld. Inne på vaskerommet la han den steinvaska buksa og stròmpene inni eit laken som han

gjorde klar for mora. Han hadde tenkt å sjå ein pornofilm han hadde lånt av syskenbarnet, men var for trøtt til å fullføre. Han la seg med hovudet på puta. Steike for ein lyd det er i Taunusen, tenkte han. Haldor var nøgd. Ein dag skal Yello få skyss og høyre den ultimate lyden. Det var då tanken kom. Jekken. Jekken låg blant kattane, med sølvskrift på: «Haldor Was Here!».

FASTLANDET

Ei ny bru skulle opnast og kong Olav skulle signere ein stein. Ho fekk med seg ein fotograf og klar beskjed om å rekkje Kveldsnytt. Om bord takka ho nei til kaffe, te og juice. Ho landa snart i huttaheiti og bestemte seg for å gjere det beste utav det. Landinga var eit helvete og dagen hadde knapt starta.

Alle var der. Korpset var kledd i raud uniform. Ordføraren skein om kapp med det nypussa kjedet rundt hal-sen. Dei seks pasientane på aldersheimen hadde blitt til-godesett i budsjettet og kommunen spanderte minibuss.

– I dag er ikkje dagen for å vere gniten, sa ordføraren til Utposten.

Gamlisane vart trilla ut i kvar sin rullestol. Dei sat der utan å gi uttrykk for at dei skjønnte kva som skjedde, men finstasen var på. Dei smilte, fraus og sikla. Den eldste søv. Lokale journalistar hadde allereie fått synfaring på den 552 meter lange brua med seilingshøgde på 17 meter. Ho drog kjensel på ein journalist frå Dagbladet som ho oversåg etter beste evne. 600 øyboarar i ekstase for at framtida låg eit sakseklipp ifrå var liksom ikkje århund-rets scoop. Skjedde kvar helg i heile verda, tenkte ho. Ho leita etter knaggen, noko som var interessant. To timar seinare var ho på feil plass til rett tid.

På skulen hadde det vore loddtrekning og ein gut og ei jente skulle klippe snora. Søtt, uegoistisk og originalt, tenkte ho. Fotografen fekk beskjed om å hengje litt rundt. Han var erfaren og slengte videokameraet på skuldra. Ho mangla knaggen, men visste at den eldste på øya måtte festast til tape. Der var det kanskje eit reflektert synspunkt. Då kong Olav kom seinare på dagen vart han sjølvsagt hovudsaka, men ho ville noko meir. Ordføraren talte og ho fekk ro til å studere desse øyboarane. Dei fleste kvinnene hadde bunad. Mannfolka hadde dressjakke i forskjellige pastellfargar. Ho noterte stikkord på blokka. Korpset sleit og først då dirigenten gjorde alle merksame på at det var «Bridge Over Troubled Water» dei hadde spelt, skjønte ho kva for ein klassikar dei hadde valdteke. Ho noterte litt om korpset, oppdraget hadde redusert henne til ein fersking, men ho måtte tenkje profesjonelt. Kongesangen var det meir futt i og korpset fekk fortent applaus. Skuleelevane gjorde seg klare til å klippe. Dei var litt ueinige om korleis saksa burde haldast, men det ordna seg då klasseforstanderen greip inn. Snora delte seg i vinden og kameramannen fanga alt i eit nærbilde. Ho tenkte på navlestreng og nye tider. Skreiv det ned. Applausen døydde ut og folk vart usikre på kva som skulle skje. Ordføraren repeterte med eit smil at brua var open for alle og gjekk mot toppen. Humøret var lett og sytalaust. Dei fleste følgde på og nokre henta bilane.

Gamlisane blei trilla tilbake til minibussen. Det var tid for medisin og meir søvn. Ho fekk stoppa ei og fotografen var på plass.

– Du som har levd en stund, er det en gledens dag?

Den gamle dama i rullestolen tok tak i mikrofonen og nynna noko som minna om ein salme.

– Ja visst er det en gledens dag, avbraut hjelpepleiaren. Ikkje sant Laurentze? Journalisten gjorde ikkje noko meir utav det og drog til seg mikrofonen. Knaggen. Kvar er knaggen, tenkte ho.

I staden for å følgje straumen gjekk journalisten og ein undrande fotograf inn på øya. Om det var noko journalistyrket hadde lært henne, var det at i sentrum av ein tornado er det fredfullt og kjedelig. Fotografen fekk beskjed om å filme husa, først og fremst dei gamle, fotballbana med dei slitte nettmaskane, skulen som var i det største laget og butikken som hadde hatt godt av beis. Framfor ein sliten bensinstasjon med tilhøyrende gard testa ho mikrofonen. Ho hadde bestemt seg for å snakke om kva som ville skje med denne plassen når det blei så lett å reise derifrå. Ho varma opp stemma som ei operasangerinne. Skalaer. Fotografen nikka at kamera var i opp-tak og ho snakka slik ein erfaren journalist skal gjere. Ho hadde trass alt dekt Palmemordet, Treholtsaka og ski-VM i Oslo.

Halvvegs i ei setning som ho hadde god dreis på hørde begge mopeddur. Motorlyden gav uttrykk for at det var ein liten moped, i den grad ein moped kan bli liten. Femti kubikk er og blir femti kubikk og hadde ho hatt greie på mopedar hadde ho sett at det var ein Suzuki FZ som kom. Ein rørslig kar iført blå kjeledress og svart halvhjelm hadde styringa.

Fotografen oppfatta raskt at mopedisten ikkje hadde registrert dei. Mopedisten såg ut mot havet og hadde klampen i botn. Fotografen kasta seg til sida medan journalisten gjekk i pausemodus. Mopedisten skjønnte lite då han trefte henne. Journalisten blei kasta fleire meter medan ho tvihaldt i mikrofonen. Leidninga rauk tvers av

og mopedisten banna og sverta i grøftekanten. Motoren døydde ut og bakhjulet stogga til slutt. Kameramannen la videokameraet på bakken og då han kom fram til journalisten såg han at foten hennar var ute av stilling. Ho blødde frå tinningen og auga var fjerne. Mopedisten, ein eldre kar, kom bort til dei og under halvhjelmen såg fotografen øyas sleskaste andlet.

– Midt i vegen? Her har det då aldri stått nokon midt i vegen, mumla han.

Handa hadde fått seg ein real trøkk, men det var det heile.

– Vi må få tak i en ambulanse, foreslo kameramannen.

– Du får prøve telefonen borte med Ottar, men han e så gnien på pengane at eg tvilar. Og spesielt med byfolk, sa mopedisten.

– Vi må få tak i en ambulanse. Ser du ikke at hun blør fra tinningen. Vi må få tak i en...

– Du må roe deg. Berre fordi du e frå rikskringkastinga trur du at du kan komme å bestemme. Eg har betalt den helsikes lisensen i alle desse åra og alt eg får er to idiotar midt i vegen. Det har aldri stått nokon der før. Kva hadde dykk å melde midt i vegen?

Mopedisten hadde mista perspektivet, tenkte kameramannen som ikkje hadde hatt blodsinne sidan barneskulen. Han blei raud på øyrene og vill i blikket. Han reiste seg og smelte til den gamle. Først såg det ut til at den rette høgra ikkje hadde nokon merkbar effekt, men auga på den gamle mannen gjekk i kryss og for andre gong på kort tid fekk han full valuta for halvhjelmen. Ambulansen kom i rasande fart og ryktebørsen fekk ein knallstart. Rykteterritoriet hadde ved eit trylleslag ekspandert til tre øyar takka vere den nye brua. Vigra og

Valderøya var vel så nysgjerrige på dei blå lysa som suste mot Giske.

Kongen hadde gjort sitt, øybuarane var slitne og bunadene var tilbake i skapet. No var det slutt på ferja. Dei som hadde vore billettør om bord i Sjøbris fekk tilbud om å jobbe i bomstasjonen ved dei undersjøiske tunnelane som tok vegen med seg inn til byen. Dei unge var positive, dei gamle var konservative og skeptiske. Sladre-Guri hadde masa seg til fire nattskift i veka. Ho innsåg at det var den einaste utvegen for livskvalitet og kontroll.

Journalisten vakna eingong utpå kvelden med store smerter og den første personen ho tenkte på var Art Garfunkel. Ho visste ikkje kvifor, men den krøllete halvdeelen av Simon & Garfunkel var så langt hjerna strekte seg no. Handa var øm og foten verkja. Det var nesten heilt mørkt i rommet og omsider fekk ho tak i snora. Då sjukepleiaren kom, søv ho.

To etasjer under henne sat Svanhild åleine i røykjerommet. Ho venta på Kveldsnytt. Alf hadde sagt at det hadde vore eit team og filma opninga av brua. Korpsset hadde vore på sitt beste og til og med aldersheimen hadde blitt tilgodesett. Alf var oppspilt over fastlandsforbindelsen og han la på røret tidlegare enn vanleg. Ho ville ikkje fortelje mannen kva legen hadde sagt. Ikkje i dag. Vignetten kom og ein av dei første sakene var frå Giske. Då Svanhild var ferdig med ei real hostekule såg ho reportaren ved bensinstasjonen. Reportaren var ung, blond og nervøs. Svanhild skrudde opp lyden og skjønnte at det hadde vore ei ulykke. Dei sa ikkje kven og korleis, men då dei klipte til eit kamera som stod skeivt på bakken, fekk ho auge på Fitte-Per. Han snakka med ein mann. Dei krancla og Fitte-Per fekk eit slag på haka. Då

han gjekk i bakken la ho merke til ein tredje person som låg i grøftekanten. Dei klipte til ein sjukebil. Fitte-Per blei intervjuva i forgrunnen.

– Hva skjedde, spurde den ferske reportaren på østlandsk.

Fitte-Per var uberørt, men raud på det høgre kinnnet.

– Nei, du veit. Brua har ikkje vore open meir enn nokre timar og allereie no er det farleg å ferdast på vegane.

Namnet hans kom opp før neste spørsmål. Svanhild visste ikkje om ho skulle fokusere på at han mangla ei framtann eller at det faktisk stod Fitte-Per sitt eigentlige namn på skjermen.

– Ble du skadet?

– Nei, har no vore ute for litt ta kvart då veit du. Sjøen og slikt.

– Hvordan ser du på det med broen da?

– Nei, brua? Det vert jo meir trafikk då og det er jo livsfarleg, spesielt med slike idioter som han...

Fitte-Per ser rett i kameraet som blir noe urolig. Han tek tak i linsa og biletet smell rett i asfalten. Tilbake i studio viser dei biletet av ei dame i førtiåra og sjukehuset i Ålesund. Svanhild dempar lyden. Ho tenner ein røyk og tenkjer på innslaget. Kva har skjedd? Kvifor hadde ikkje Alf ringt og sagt noko? Kva om det hadde skjedd mannen hennar noko? Nokon må då ringje!

Legen hadde vore proff og ikkje for direkte. Legar var gode til slikt. Ho tenkte på sonen i Bergen og alt dei ikkje hadde snakka om. Ho tok eit nytt magadrag av sigaretten. Maks eit halvt år hadde legen gitt henne. Ho bestemte seg for aldri å seie det til nokon før det var over. Kvifor skulle ho fortelje alt, tenkte ho. Sanninga kom uavhengig av kva som blei sagt. Ho skulle halde maska sjølv

om kroppen gav opp. Ho stumpa røyken og såg at NRK hadde fått teknisk feil.

Dei fleste romma på sjukehuset var mørklagd. Parke-
ringsplassen var tom. Ein buss på veg til flyplassen suste
forbi. Så blei det heilt stille.



SVIGERS

Louise Kristin kom frå ein møblert heim der familien hadde klare reglar og mål for framtida. Geir Ove hadde blitt kasta ut av militæret seks månader før tida. Han hadde møtt Louise Kristin på Keisern nattklubb, midt i Ålesund sentrum. Han hadde knapt fått tatt på henne. Forholda låg aldri til rette for det. Meinte ho. Geir Ove skulle snart møte svigerforeldra og tok det som eit teikn på at det snart vart noko meir.

Etter at dei hadde sett *Schindlers Liste* på kino, spurde ho om han ville ete kvelds. Foreldra hadde fått nyss om at nokon prøvde å kapre prinsessa og det var tid for inspeksjon.

– Det vil vere knall, sa han eplekjekt.

– Fint, sa ho og tørka vekk tårene etter filmen.

Det var ho som hadde bil, Geir Ove sparte til lappen. Han skulle bruke dimmepengane til køyretimar, men det rakk ikkje til stort anna enn fest og promille. Louise Kristin lukta godt, var alltid punktleg og lo på dei rette plassane. Geir Ove var klam i hendene når dei svinga av mot Larsgården. Larsgården har ikkje så mykje med fjøs å gjere, men det er eit byggjefelt med dyre biler og høge lån. Geir Ove angra seg, men no var det for seint.

– Kva heiter dei, spurde han.
– Dagbert og Kårhild, kom det kontant då ho svinga inn på grusvegen framfor villaen.

– Hæ?

Ho flira.

– Neida. Mor heiter Eva og far heiter Andreas.

Bilen stoppa og Geir Ove sa namna eit par gonger til seg sjølv. Dette skulle han klare. Då han opna døra tok ho tak i handa hans.

– Det er éin ting.

Louise Kristin drog litt på det og leita etter dei rette orda. Geir Ove prøvde å få henne på gli.

– Er dei adoptert frå Korea?

Ho lo høfleg, men det kunne knapt merkast.

– Far kan verke litt...ja...han er veldig direkte.

– Og det betyr?

– Eg veit ikkje. Du får berre føle deg fram, sa ho på veg ut av GTI'en.

Det første Geir Ove la merke til i entreen var russebilete av Louise Kristin og dei to eldre brørne. Alle hadde vore blåruss, men det var berre ho som framleis budde heime. Inne på kjøkkenet var Eva i full sving med å dekkje på alt ho hadde i kjøleskapet. Ho smilte og Geir Ove skrudde på sjarmen. Andreas kom i eit bedageleg tempo og helste med fast handtrykk. Om det var noko faren til Geir Ove hadde lært sonen før han reiste frå familien til fordel for ei brasiliansk tenåringsjente, var at det viktigaste inntrykket gir du ved eit solid handtrykk. Geir Ove tok eit godt grep og Andreas nikka bekreftande. Den fyrste testen var i boks, tenkte Geir Ove.

– Endeleg får eg helse på sjarmøren. Frå Godøya, var det slik?

Godøya var bortimot det verste han kunne ha sagt, men Geir Ove tok seg saman.

– Det var nesten fulltreff. Frå naboøya...

Geir Ove fekk aldri fullføre setninga.

– Ah! Det bur berre bønder der ute likevel. Same ulla, lo han. Slå deg ned.

Eva hadde hørt det med bøndene før og Louise Kristin var på toalettet for å vaske hendene. Geir Ove sette seg og tenkte at det skulle bli godt med mat etter tre timar i Auschwitz. Han såg utover kveldsmaten.

– Julaftan og 17. mai på ein gong?!

Eva blei smigra og brydd av komplimentet.

Faren styrte samtalen og det som plaga denne velstående mannen var vegetarianarar. Han kunne ikkje forstå poenget, sa han og gestikulerte mot lam, svin og laks som låg på bordet. Geir Ove var einig i argumenta.

– Idiotisk.

– Idiotisk? Det er berre forbokstaven, sa faren. Kva skulle øya di leve av om verda vart eit vegetarium?

– Gras, kom det kjapt frå Geir Ove. Det er nok av gras der ute, fortsette han.

Alle lo. Louise Kristin smilte lurt til kjærasten som var i siget.

– Ha. Ja det har du rett i. Eg ser for meg alle Godøy-ingane som... ha... går på alle fire og et gras, sa faren høgt. Han imiterte ein øying som først snakka om veret før han gav seg til å raute som ei ku og ete den fine salaten som Eva hadde laga. Herleg stemning. Louise Kristin fotflørta. I kveld kunne det bli noko meir, tenkte Geir Ove og pressa fram latteren.

Etter kveldsen, som hadde vart minst ein time, var det dags for kaffi. Geir Ove likte ikkje kaffi, men då han

og faren trekte inn i daglegstova bar dei kvar sin kopp. Louise Kristin og Eva skulle berre rydde kjøkkenet før dei kom etter. Det var ei stor stove som kunne minne om eit klassisk, brunt, engelsk heimebibliotek. Faren sette på ein cd med movie themes. Melodiane var til å kjenne att sjølv om ein eller annan hadde trykt ned panfløyteknappen på synthen før opptak.

– Nydeleg, var ordet faren valde for å beskrive melodien. Geir Ove prøvde å halde samtalen varm.

– Kva for ein film er det frå?

– Det er den Gabriels Obo.

Geir Ove var DeNiro-fan og visste at filmen heitte *The Mission*, men kvifor skulle han ta sjansen på å bli upopulær no. Louise Kristin var på gli og det heile.

– Vakkert, sa han etter å ha lytta i ti sekund. Geir Ove hadde aldri brukt ordet vakkert, men no kom det heilt naturleg. Faren snakka høgare mens han auka volumet med fjernkontrollen.

– Det hadde ikkje Arne Tellefsen gjort betre, sa han. Høyr då!

Under ei skyteøving på rekruttskulen hadde Geir Ove gløymt dei gule sov-i-ro-proppane som skulle brukast i tillegg til øyreklokkene. Han hadde merka svak øyresus etter å ha tømt magasinet, men alt skulle vere 100 prosent no. At faren sa Arne Tellefsen var han heilt sikker på.

– Du meiner Arve Tellefsen?

– Ja. Arve Tellefsen. Han trøndertullingen som knuste fela før OL.

Faren sette seg og nippa til ein cognac som må ha stått der heilt sidan Geir Ove og Louise Kristin kom frå kinoen.

Geir Ove såg på bøkene. Leksikon, atlas og klassikarane på geledd.

– Mykje bra bøker.

Andreas sa ingenting, men var djupt inne i ein avis-artikkel. Han såg eldre ut med briller, tenkte Geir Ove. Temaet frå *Star Wars* var neste offer på cd-en. Dei snakka ikkje om det.

Etter nokre minutt skrudde faren ned lyden og la avisa i fanget. Han såg guten rett i auga.

– Masturberer du?

Louise Kristin sine advarsler til trass, dette var litt i overkant, er det noko han har lese i avisa, det må jo vere det, tenkte Geir Ove og snudde seg mot bøkene. Ei rekkje med bøker frå Det Beste stal merksemda. Fire bøker i ei bok. No mangla han fokus og klarte ikkje å lese det steike støv. Det gjekk nok tid og faren las vidare. Geir Ove samla seg og ein liten djevil på skuldra fortalde at det var berre å gi jernet. Briste eller bere. Han såg framleis på bøkene og kremta bort tvilen. *Star Wars*-musikken gav krefter nok til å snu seg rundt og han møtte sin Darth Vader. Han hadde bestemt seg for å hoppe frå timeteren og no var det berre å håpe at nokon hadde fylt bassenget rikeleg med vatn. Han såg på den potensielle svigerfaren.

– Masturberer du?!

Svevet var umogleg å stoppe og den middelaldrande mannen opna auga som om; kva var det for eit spørsmål? Med same mynt, tenkte Geir Ove. Svigerfaren var overraskande rolig. Han sleppte avisa beherska på golvet ved stresslessen og tok av seg brillene. Han smilte lett, blei streng og skaut fart.

– I og med at du spør må eg tilstå at det vert sjeldnare

og sjeldnare. Det gav seg etter at eg fekk operert bort begge testiklane. Det er liksom ikkje så mykje futt og fart som i ungdommen, om du må vite det.

Geir Ove var litt meir tilbakehalden no og merka at det nærma seg eit mageplask.

– Ikkje for å skifte tema, fortsette faren. For all del, sex er interessant, men eg vil gjerne gjenta spørsmålet mitt.

Han tok seg ei kunstpause før han blei tydeleg som om han prata til ein treåring.

– Kva studerer du?

Louise Kristin var såpass veloppdragen at ho køyrde den ferskaste eksen i fylket til sistebussen. Kanskje den siste for alltid, tenkte Geir Ove. Han klarte ikkje å overtyde henne om at det heile var ei misforståing. Han skulda på militæret, på panfløytesynth, han skulda til slutt på henne og sa at ho aldri skulle ha åttvara om faren. Han vart nervøs av det. Ho sa ingenting.

Heime på Larsgården er det ro. Eva og Andreas sit i stova. No var det Chopin med ekte piano frå høgtalarane.

– Du skylder meg ein hundrings.

Eva blar opp ein krølla setel frå bukselomma.

– Eg nektar å tru at han fell for den. Han virka jo så...

– App, app. Hovmod står for fall kjære. Du må ta ein titt opp frå Allers og Hjemmet.

Andreas nikkar mot bøkene.

– Ikkje eit ord til prinsessa. Ho fortener betre enn ein gisking, ikkje sant?

Eva set seg på fanget og held fram hundrelappen.

– Ikkje bli sein då. Eg er i humør.

Han riv til seg premien i triumf.

- Og du har til og med betalt for deg.
- Ein stiv pris, parerar ho og legg til, om du skjøner kva eg meiner.

Begge ler. Prinsessa låser opp ytterdøra når mora er på badet. Louise Kristin seier ingenting og går opp trappa. Halvvegs høyrer ho faren frå godstolen.

- God natt då vennen!

Louise Kristin svarer god natt og går inn på rommet sitt. Andreas roterer glaset i takt med Chopin, sniffar inn og drikk dei beste druene cognacdistriktet klarte å presse. Det varmar. Han let att auga og nyter kvelden. Snart vert han også i humør.



JESSIE

Jantelovens far sa eingong at «Alle mennesker sleper med seg en hemmelig skam». No sat Jonas framfor flatskjermen med handa på den trådlause musa og var på nippet til å bekrefte Aksel Sandemoses teori.

Jonas er frå Oslo og det skal ikkje meir til for å bli oppmann på gutelaget. Øya hadde bestemt at laget skulle til Norway Cup for fyrste gong. Folk meinte det var viktig å ha med ein som kjende gryta, ein innfødd. Jonas hadde ikkje budd i Oslo på 25 år, men sunnmørsanden var i blodet no og ein gratistur til verdas største fotballturnering takka han sjølv sagt ikkje nei til. Taxi-Arne spelte som vanleg kostbar, men kørde til slutt bussen. Det han kravde var hotell med frukost. Som den einaste på øya med busslappen hadde han sterke kort og etter eit ekstra kakelotteri fekk han einerom midt i Oslo sentrum. Dei andre, det vil seie 18 gutar og fem vaksne, blei innlosjert i eit klasserom på Tveita.

I den første kampen låg det lenge an til uavgjort, men gutane tapte til slutt fire-null. Mange meinte det var den kvinnelige dommaren som dreit seg ut. Neste morgon blei alle henta av Taxi-Arne. Han klaga på trikken som først hadde hindra han i å sovne og nokre timar seinere hadde vekka han. Ingen sa noko om dårleg luft i madrasser og

klasserom. Oppe på sletta blei det faktisk ein-null-siger mot eit lag Sladre-Guri kalla Degos United. Få hadde rekna med siger og det var ingen som visste heilt korleis slikt burde feirast. Trenaren var sjølv sagt høgt oppe og lova Tusenfryd på heile gjengen. Full jubel! Det var fire timer til neste kamp og no var Giske uslæleg og klar. Det blei tap. Trenaren kalla kampleiaren ein halvtam skin-keryttar mens han tok tak i kragen på dommerskjorta. Trenaren blei bortvist frå den siste kampen som skulle gå om to dagar. Den knapt kjønnsmodne dommaren gret då gutelaget til Giske forlot Ekebergsletta.

Dagen etter var det stort engasjement då alle skulle bestemme kva ein burde få med seg av historie og kultur i løpet av seks timar. Det heile blei eit kaos som endte opp på Peppes nær Stortinget. Då pizza og verdas beste cola var fortært blei alle einige om å møtast ved løva framfor Tinget. Den til venstre. Eit genialt møtepunkt som Sladre-Guri var ganske nøgd med å ha funne på heilt sjølv. Etter at dei hadde blitt samde om at det var løva til venstre om ein stod med ryggen til Slottet, var Jonas åleine blant 20 000 menneske. Lukta av Oslogryta var ny, men pulsen var den same. Kaoset. Han kom på kvifor han eingong hadde reist herifrå, kvifor han hadde gifta seg og flytta til Sunnmøre. Sommersola hadde smelta bort det meste av klede og ideen med bar mage og piercing var fantastisk. Ei av de vakraste jentene gav Jonas ein lapp der tilbodet var 25 % avslag på det meste innan kinamat. Ein sliten mann pressa ein lapp i skjortelomma til Jonas og sa, på Stavanger-dialekt, at Jesus snart var tilbake og denne gangen ville det bli No More Mister Nice Guy. Ein kortvokst same i nasjonaldrakt klagde si naud i ein billig megafon og bodskapet var enkelt. Lappane måtte få

sitt eige land. Han repeterte det utan gode argument til å backe opp utsagna. Alle folkeslag på ei gate, dei fattige i den eine enden og slottet i den andre. Saksofonisten, panfløytefolket, gitaristen med bornebornet, moromenn med faklar, karikaturteiknarane, lukta av kebab og lyden av sirener gjorde dette til ein perfekt dag.

Jonas slikka på ein softis utan strø til 30 kroner og gjekk inn i eit galleri ved rådhuset. Air condition og ro var det han hadde i tankane. Det var tre kvarter til alle skulle møtast og kjende han dei rett var mange på plass allereie. Etter å ha gjort opp for seg møtte Jonas ei securitasvakt som helst kommuniserte utan ord. Fingaren peika på eit skilt og Jonas tok hintet om ikkje å ta mat med inn i galleriet. Reservepolitiet blunka som om Jonas var flink bisk då den deilige, ferske isen endte sine dagar i ei søppelbøtte. Som venta var det stille i galleriet. Midt i rommet stod ein fancy raud skinnsofa utan rygg. Det var høgt under taket og romklangen gav ei majestetisk kjensle. Dagens VG låg på sofaen og hadde tydelegvis fasiten om boligprisane for dei neste tre åra. Heilt øvst, ved logoen, smilte ei sol med briller og det var slått fast at Norway Cup var ein suksess.

Jonas spankulerte utan interesse. Det var for det meste turistar med rumpetasker og kamera tilstades. Det var godt med ro, tenkte han. Då ein feit tyskar, han såg tysk ut på barten, flytta seg fekk Jonas auge på henne. Først ville han unngå blikket, men auga og den bare overkroppen fascinerte. Han blei gripen og stressa og ville ikkje møte blikket hennar. Ho såg bestemt på Jonas. Berre på han. Det var svalt i rommet, men Jonas begynte å sveitte. Han gjekk bort til henne. Ein plakett ved fotografiet synte at ho bar namnet Jessie. Det var to andre jenter på biletet,

men leppene, blikket, overkroppen og dei kvite perlene rundt halsen hypnotiserte. Jonas var trollbunden. «*Jessie at Five*, by Sally Mann», stod det. Jonas fekk trong til å omfavne henne før han såg seg rundt og la på sprang mot døra. Vakta nikka mot eit stort toalettskilt då Jonas spurde og nokre sekund seinare hosta han med hovudet i doskåla. Han fekk opp litt biff, ein del paprika og tre pepperonipølser frå Peppes. Papiret tørka slimete slev frå munnviken og han gjekk ut av båsen og vaska andletet i kaldt vatn. Fem år. Blikket. Det flate brystet. Tyskaren kom ut av nabobåsen. Overraskelsen var stor då han på kav trønderisk spurde om det sto til liv. Jonas trakk på skuldrane og stamma fram: Ich Weiss Nicht. Keine Ahnung. Etter å ha tørka trønderlabbane symbolsk under ein sliten handfønar, viste han dei fram.

– Harry Klein, sa han.

Jonas smilte og håpa at trøndertyskaren skulle dra til helvete. Trønderen gjentok Klein, lo litt og ropte «Derrick, Aus der Reihe», på veg ut. Jonas såg seg sjølv i spegelen og la sveisen for fyrste gong på lenge. Det var tredve minutt til han skulle treffe dei andre.

I den neste halvtimen blei Jessie og Jonas kjend med kvarandre. Ho låg naken på ein divan nett som Venus. Ho var 8 år gamal og steinhard. På det tøffaste biletet heldt ho ein røyk og blikket spurde: Kva faen er det du glør på? Så var tida ute og det fyrste stemnemøtet med Jessie var historie. Giske tapte den siste fotballkampen.

Haust. Jonas sit inne på heimekontoret med døra på gløtt inn til soverommet. Kona søv. All e-post er sjekka, VG-nett lest og han har svart «veit ikkje» om kven som vil klare seriegull i år. Han har til og med lagt ein kabal som nesten gjekk opp. Jonas tenkjer på Sandemose, ten-

kjer på softis, tenkjer på at han er halvvegs til hundre og han tenkjer på Jessie. Ho er der om han vil. Utanfor forsvinn duren av ein bil. Han tek på seg øyreklokkene og med fjernkontrollen skrud han opp volumet. *Nøtteknekkaren* til Tchaikovsky listar seg varsomt fram. Jonas skal til å skrive noko, men fingrane berre trippar på tastaturet. Han speler i takt med tonane til klokkespelet frå «Dance of the Sugar Plum Ferry». Jessie. Alt som skal til er eit forsiktig tastetrykk på ei lita trådlaus mus og verda vil forandre seg for alltid.



STJERNER

Då Einar rydda kjellerboda var det til begeistring og overrasking at han fann dei gamle boksehanskane. Hanskane var sjølvsagt for små no, men då han tok på dei minnst Einar smaken av blod og kjensla av ein kjeve ut av ledd. Han prøvde den rette høgra, den som alle skulle frykte. Krafta kom frå tåballen og etter å ha vore innom hofta small ho med eksplosiv styrke ut i knyttneven. Teknikken var der enno. Boksehanskane var godt brukte og det amerikanske flagget som eingong hadde pryda dei var falma og slitt.

Einar trenar fire gonger i veka for å banke opp folk og ikkje minst sleppe juling. Det var ei fin tid. For å få spart opp til ferjeturane måtte han levere Sunnmørsposten til heile øya. Foreldra hata boksinga, men var redd for at han skulle byrje med narkotika. Dei hadde sett på Dagsrevyen at det vart meir og meir utbreidd og ungdom som mangla eit tilbod etter leksetid var i faresona. Dei tok ingen sjansar og føretrekte at einebarnet fekk grisejuling no og då. Han prøvde å overtyde dei om at boksing var vitskap og faren fatta interesse då Einar kjøpte sin fyrste tannbeskyttar. Etter å ha haldt den under varmt vatn putta han den i kjeften. Det var no slik det skulle gjerast, sa han. Tannbeskyttaren forma seg etter reguleringa.

– Det er ikkje tennene som er problemet, men mistar du hjerna er det gjort, sa mora då ho kom inn.

– Han brukar då hjelm, ikkje sant?

Faren forsvarte sitt eige samvit og sonen.

– Kan ikkje du bli med på volleyball eller bordtennis slik som alle dei andre? spurte mora.

– Han skal faen ikkje begynne med bordtennis, sa faren.

Einar gjekk ut av kjøkkenet og hørde ord som kvinneidrett og narkotika før han var ute på joggetur nummer to for dagen. Frå no av skulle han alltid jogge med tannbeskyttaren.

Ein annan ting som krevde kløkt var bandasjeringa. Misjonen var å støtte handledda såpass at når den superrette høgra først trefte skulle handledda vere beskytta mot forstuing. I den eine bandasjeenden var første bud å klippe hol til tommelen. Så gjaldt det å surre bandasjen to gonger rundt leddet før den gjekk i bane mellom fingrane. Om den vart for stram eller slakk måtte det gjerast på nytt, men når den sat slik den skulle var det himmelsk.

– Det meste av krafta ligg i ei god bandasjering, sa trenaren.

Einar og trenaren hadde eit godt forhold. Nokre år seinare blei trenaren arrestert for å ha organisert ein lastebil full av amfetamin. Trenaren og ein jugoslav blei stoppa på Svinesund og avisene kunne melde om «Tidenes største beslag». Einar orka ikkje å følgje med på rettsaka, men dommen blei 12 år. Han fekk eit julekort frå fengselet fyrste året. Det var det siste.

Etter ei knallhard økt kom meldinga han hadde venta på. Trenaren ville prøve Einar i ringen. Han hadde klart

boksemerket utan problem og oppmannen hadde snakka med bokseklubben i Moss om ein motstander som var match nok. Det blei på heimebane om tre veker. Einar vegde 68 kilo og måtte ned til 67. Foreldra trengde ikkje å få vite noko. Han laug til og med til presten for å sleppe konfirmantførebuinga. Han trenar i staden, tok sjukt med sit-ups og armhevingar. Rocky IV-kassetten gjekk for fullt heile døgnet. Sekken blei groggy og Einar var klar til å erobre verda. Sovjetunionen inkludert.

På kampdagen blei han henta på kaia av trenaren og to andre som skulle i ilden. Dei fekk sukkerdrops for å gje kroppen meir energi. Dei ivrigaste i klubben hadde brukt heile fredagsnatta på å rigge ringen. No var den plassert midt i Fagerlihallen. Dei andre klubbane var allereie på plass. Einar tok ut tannbeskyttaren som hadde vore i kjeften heilt sidan ferjeturen. Han grudde seg ikkje før alle sa at det kom til å gå som ein draum. Han måtte på do og presse ut nerveskvettane stort sett heile tida, og han sleit med fokusen då han skulle vege seg. Dommarane skreiv 66,8 kilo i kampboka. Det var ei ypperleg vekt.

Einar hadde fått tildelt kamp nummer tre. Bandasjane sat perfekt. Etter tauhoppinga fekk han meir sukkerdrops og skuggeboksinga gjekk bra. Lett i kroppen. Ein, to. Ein, to. Skorne var framleis for store, men dei var dyre og mora meinte det var lurt å ha litt å vekse i. Salen var halvfull no. Dagens høgdepunkt var kamp nummer 8, den lokale tungvekthelten i sitt livs form. Einar innsåg at debutkampen hans berre var pausefyll og tidtrøyte. Han skulle få juling, mens alle i salen gjespa, åt pølser og gløtta diskre på klokka. Einar pusta høgt og tungt eit par gonger mens trenaren stramma hjelmen. Rocky-

hanskane med stjerner og striper var forbode. Stemnehanskar skulle gjere kampen rettferdig og alle boksarane skulle ha det same utgangspunktet for å vinne.

– Mossingen kom ikkje, sa trenaren mens han festa teip rundt den siste hansken.

– Er kampen avlyst? sa Einar med håp i stemma.

– Avlyst? Nei...avlyst? Du skal fighte din livs kamp du no.

– Kven er han då?

– Hugs no då, ein, to og ut. Trenaren viste rørslene.

– Kven er han?!

– For å få til ein kamp måtte vi gå opp ei vektklasse. Du har ingenting å tape. Eg trur du kan ta han. Det er ein nordlending, sikkert same.

Motstandaren såg ikkje farleg ut. Han var høg og tynn. Då dommaren presenterte dei for publikum var hovudforskjellen, i tillegg til vekt, enkel: Dette var Einars jomfrukamp, nordlendingen var klar for sin fjerde strake siger. Heimepublikummet klappa og ropte at Einar måtte stå på og ikkje gi samem ein sjanse. Folk han ikkje kjende ropte namnet hans. Dei ville Einars beste. Trenaren viste ein tommel i veret og ein, to-rørsla. Gongongen gjekk og no skulle to vintrar med hardtrening setjast ut i praksis. Garden var på plass og dei dansa rundt kvarandre, slo kvarandre på hanskane. Då motstandaren sendte ut eit slag blåste han samtidig ut luft og lyd med nasen. Ein teknikk mange boksarar brukte.

– Det er bra. Ein, to. Ein, to. Trenaren hadde trua.

Eit minutt ut i kampen gjekk det opp for Einar at det einaste våpenet han hadde var desse to tala. Ein og to. Gløymt var Rocky og Ivan Drago. Einar var sliten. Svært sliten. Han hadde slengt ut ein venstrehook, men det var

det heile. Motstandaren var i midten av ringen, Einar dansa rundt. Det var lite som minte om bie og sommarfugl.

Det var mot slutten av runden Einar senka høgra. Den var tung og tåballane hadde ikkje noko å gi. I ettertid har han tenkt på det enorme utslaget nokre få centimeter med nedsenka guard kan bety. Bang! Dommaren hadde telt til fem då Einar kom til seg sjølv. Han kjende smaken av blod og forstod ikkje så mykje før trenaren slengte inn handkleet på talet åtte. Han stod framleis. Gjekk ikkje i kanvasen. Applausen var middels, men høfleg og nordlendingen takka for fighten. Begge blei intervjuva av lokalradioen etter kampen og dei fekk kvar si pølse. Sjølv om det var så vidt kjeven var intakt pressa Einar den inn. Det var første gong han smakte lompe. På ferjeturen heim bestemte han seg for aldri å bokse meir. Mor blei glad og til jul fekk han knebeskyttarar til volleyballtreninga.

Det var nok rydding for i dag og Einar gleda seg til å vise Marit hanskanen. Marit visste nok ikkje at ho var gift med ein potensiell proffboksar. Ho ville like det, tenkte han. I entreen stod skorne til naboparet. Han hadde gløymt at dei skulle planleggje sydenturen saman. Mobilen hans låg på kommoden og han visste kven dei ubesvarte anropa var frå. Marit kom frå badet og lurte på kva i helvete han dreiv på med.

– Måtte berre rydde litt i boda.

– Synne og Sølve har vore her ein time, kviskra ho. Marit var sint.

– Eg gløymde det. Sorry.

Ho såg boksehanskanen.

– Dreg du med deg søppel opp frå kjellaren?

Ho gjekk inn før Einar fekk fortelje henne historia.

Han tok av seg skorner og børsta det usynlege støvet frå skjorta på veg inn.

– Hallo. Eg glømte meg heilt ut.

– Det går bra. Jeg tror vi har funnet en topp plass.

Sølve var seg sjølv lik. Synne viste fram katalogen og det såg flott ut. Sol, strand, sjø og øl.

– Vi har hørt mye bra om Aia Napa, sa Sølve.

Marit var ute på kjøkkenet. Stod ved kjøkkenvifta og røykte. Ho var sur. Dritsur.

– Står det bra til med den karen da?

Sølve var alltid oppriktig interessert.

– Alt er tipp topp, svara Einar mens han sette seg.

Gjestane hadde allereie ete is og drukke kaffi. Einar såg bort på boksehanskane i gangen. T-bana gniksa og vrein seg forbi blokka. Dei hadde blitt vand til lyden, men no tenkte han over den. Han skjenkte i kaffi til seg sjølv mens Sølve og Synne fulle av iver studerte hotellet, stranda og snitt-temperaturen. Einar nippa til kaffien og heldt koppen i fanget.

– Aia Napa altså?

Han smakte litt på det før han lurte på om dei hadde diskutert Nordkapp. Synne og Sølve lo godt av tøysekoppen, før dei viste fram hotellet alle skulle bu på i fjorten dagar. Einar visste at det meste var bestemt. Han hadde ikkje noko handkle å kaste inn. Han skrapa tommelneglen mot hanken på koppen, tok seg ein sup.

– Aia Napa trur eg blir midt i blinken, sa han.

Ute var det venta snørekord og frå kjøkkenet seiv det røyk inn mot stova. Eg gjekk aldri i bakken, tenkte Einar. Aldri.

SNØRET I BOTN

Det er utruleg lett å sjå på Anne når ho lyg. Ho får ei mine rundt munnen som går nasen til Pinocchio ein høg gong. Problemet no var at ho snakka sant. Pilten venta på at det stygge løgnsmilet hennar skulle komme, men Anne var klar i si sak og ville kaste Pilten ut no, to dagar før 17. mai.

– Det burde ha vore ein eller annan paragraf som sa noko om eit eller anna så tett opp mot flaggdagen, sa Slappe-Svein då Pilten ringde på.

Dei sa ikkje så mykje så mykje meir den kvelden. Berre drakk.

Pilten prøvde å få henne til å forstå at ho var iferd med å begå si livs største tabbe.

Det virka som Anne hadde venta på denne dagen, denne timen, desse minutta som folk flest håpar ikkje skal komme. Ho hadde faen meg sett fram til det, tenkte Pilten.

– Det er ikkje meg det er noko galt med, men deg, sa ho.

Pilten tok telling og vart nesten mållaus.

– Eg har venta på ein klisjé frå trynet ditt, fleire klisjear faktisk, men denne kom som lyn frå klar himmel, sa han. Meg?! Hæ?

– Sjå på deg sjølv då?

Pilten kunne skimte fotballdrakta i spegelen, men forstod at det var heile pakka ho sikta til. Både det psykiske og fysiske.

Dei fem siste åra hadde han gitt henne sydenturar. Ho hadde fri tilgang til den kátaste kuken på øya, sjølv når han var dritings. Ho fekk kjøpe seg kva ho ville berre det ikkje var på sal og når Pilten kom frå sjøen hadde han alltid med snop eller eit fat som viste kvar han hadde vore.

– Kva faen er det du manglar?

Ho sa at det ikkje var nokon andre. Måtte berre ha olbogerom og luft.

– Du får kjøpe deg ein snorkel då!

– Eg treng ein ny start, eg treng tid.

– Men no? To dagar før 17. mai?

Anne fekk ei rar mine som han aldri hadde sett før. Ho hissa seg opp.

– Når passar det då?!

– Men komiteen? Kva med...

Ottar kom i dørøpninga, ein 12-åring frå eit tidlegare forhold. Han likna meir og meir på faren sin, ein stygg jævel frå Vigra. Ottar kalla aldri Pilten pappa eller far, berre Pilten, slik som alle andre.

Han klødde seg på boksaren, gjespa og gjekk inn på dass.

– Vi sit jo i komiteen, kviskra han så høgt det lot seg gjere.

– Komiteen?

Det var deira tur å vere med i 17. maikomiteen og dei hadde takka ja i god tru like før påske.

– Skal du kaste meg ut og så skal eg smile og vere hyggjeleg på nasjonaldagen?

– Eg drit vel i flagg, pølser og kva sladderligaen trur!
No kunne Pilten sjå at overleppa bevega seg på lygemåten, men som bevis hadde det neppe haldt i ein rettsal.

Ottar kom og slengte att døra inn til rommet. Det blafra i skiltet: No trespassing motherf**ker.

Folk hadde drege bunaden utav skapet og dei fleste vart letta over at den framleis passa. Korpset presterte noko av det betre på fleire år og the man himself, ordføraren, var på plass. Komitéleiaren hadde delt ut oppgåvene på førehand og Pilten fekk sjølvsgat fiskekassa. I all enkelheit består den av ei stor pappøskje med eit lite hol på toppen. Nokon sit inni øskja og festar Fox og Nox på ei klesklype som ungane dreg opp ved hjelp av fiskesnøre og ei bambusstong. Midt i blinken, tenkte Pilten, mørkt og sytalaust var det han trengte etter to dagar på sofaen til Slappe-Svein.

Det Pilten ikkje tok med i berekinga var at fiskekassa alltid stod ilag med leiken til Galne-Perry: «Kven kan slå ein 12-toms spikar så fort som mogleg ned i ein stokk».

Pilten hadde laga seg eit lite hol i kassa slik at han kunne sjå folk. Ungane var nøgde og kjevane jobba iherdig med både Nox og Fox. Drilljentene gjorde jobben så godt dei makta framfor korpset. Pilten vart kvalm av den eine jenta som var så feit at glidelåsen på dei kvite støvlettane ikkje gjekk heilt opp. Dottera til rektoren derimot. Herregud. Gi henne nokre år til så tenkjer eg ho skal få smake Pilten på sitt beste, tenkte han og retta på kuken. Folk klappa høfleg av korpset og den feite drilljenta sprang bort til den enno feitare mora som gav henne ei pølse som takk for innsatsen.

Klesklypa kom ned og ein ny Fox beit på. Han gjorde

det i blinde no. Ordføraren skaut med geværet og etter applausen å dømme gjorde han det godt. Helvete altså. Det er meg det er noko galt med? Taparar heile gjengen, tenkte han og festa på ein ny Fox som blei med opp til pappoverflata. Då klypa kom i retur var det nokon som hadde festa på eit kort. Nokon som tenkjer på meg, var det første som slo Pilten. Han tok kortet bort til lyset. Det kom til å bli ein lang nasjonaldag.

Ordføraren hadde ikkje heldt talen sin enno, Anne si luftgeværkø minska ikkje, sola kom fram, korpset hadde meir på lager og 12 år gamle Ottar forlèt fiskekassa hand i hand med dottera til rektor. Dei delte ein Fox. Ottar smilte mot pappøskja. Pilten følte seg slik han var, ein fiskar på land i ei helvetes fiskekasse. I handa heldt han eit fotballkort av homotrenaren til Arsenal. Helvetes Arsenal. Helvetes 17. mai. Helvetes lausunge. Slappe-Svein kom slentrande med bunaden på. Borte ved luftgeværskytinga klappa dei for han og finstasen. Anne gav frå seg kommandoen og Slappe-Svein fekk ein klem. Noko unødvendig tenkte Pilten. Han følgde Anne frå avstand. Ho hadde ein fantastisk kropp. Han måtte berre ta tida til hjelp og liggje lavt. Han visste korleis dei skulle bli kjæraster igjen. Sende henne eit kort frå ei eller anna hamn og fortelje kor håplaut livet var utan henne. Han gledde seg til å reise ut no. Han hadde forelska seg enno ein gong og det på sjølvaste 17. mai. Pilten sendte både ein Fox og ein Nox samt eit fotballkort opp til den neste som sendte snøret i botn. Han visste planen ville funke. Det hadde den alltid gjort.

DRØMMEVITSEN

Nils hadde akkurat fortalt ein vits som Unni hadde høyrte før. Ho smilte, sa at den var morosam, den der. Han hadde gjort eit tappert forsøk på å lette stemninga, men det gjekk trått. Særs trått. Kelnaren, ein kinamann, kom bort med cola til henne, Nils ba om øl. Kinamannen foreslo ein lokal variant og to minutt seinare sat Nils på Majorstua med skumbart frå Asia. Unni smilte flørtande då han tørka den på tøyservietten.

Sjefen meinte at Nils ikkje blei vakrare med åra og hadde ved hjelp av skulesekretærens pudderspegl prøvd å bevise at Nils minst hadde fått halvmåne. Sjefen kjente ei og sa at ho var like desperat. Han visste at sjefen hadde rett. Nils hadde ikkje hatt seg noko sidan personaturen til Hemsedal. Tre år og åtte månader er lang tid, tenkte han og takka ja.

Ho foreslo trerettars og skraut veldig av vårrullane. Dei hadde visst eit godt rykte.

– Herre jemini, nå er jeg sulten, sa ho.

Nils hadde aldri smakt vårrullar og lurte på om tomat-suppe med egg stod på menyen.

– Du spiser vel ikke tomat-suppe på kinesisk restaurant.

– Jeg bare tuller da, lo han tilbake på østlandsdialekt.

Då han hadde flytta frå Giske var han fast bestemt på å halde på dialekta. Nokre kompromiss vart det og han sa skolebolle i staden for skulebølle og handlepose i staden for nett, men slikt kunne Nils leve med.

– Vårruller på meg og.

Han var sjølvssikker og munter.

Samtalen sveipa innom innvandring, hopp-på-feriar til syden, reklame på tv, Michael Jackson og norsk tradisjonsrik mat. Nils oppfatta Unni som søt, slank, lang nok og hyggjeleg. Men ho framsto ikkje som eit kjærtingemne. Forholdsvis kjapt forstod han at dei aldri ville bli gamle saman. Ikkje at pensjonisttilværelsen låg rundt neste sving, men det er no eingong slik at damene ser på Nils slik to trailersjåførar helsar. Eit lite nikk, kanskje eit blink, men med 100 kilometer i timen er det fort over. Nils prøvde å forklare henne at Norge er det eineste landet i verda som har eit ord for opphaldsvær. Ho var hverken overtydd eller interessert.

Dei første signala på at Unni ikkje nådde opp til minstekravet var at ho pirka seg i nasen. Og enno verre: Ho var ikkje diskre. Visst er det både menneskeleg og viktig, men midt i restauranten på ein halvblind date? Nils visste han var på god veg inn i crazyland, igjen.

Kinaølet var godt og kelnaren kom med vårrullane. Det lukta smult og han følgde med på teknikken hennar. Nils lot som om maten pulte på tunga.

– Ah! Dette må vere noko av det beste...Wow!

Han var faktisk begeistra og innsåg at det var godt med vårrullar.

– Hva var det jeg sa?

Ho smilte nøgd og tok ein bit. Ho strekte tunga ut som ein frosk, eller ei øgle og la maten på før ho drog tunga

kjapt inn i gapet. I ettertid har han faktisk hatt problem med å ete saman med andre utan å sjå om det finst liknande tilfelle.

Forretten var fortært og Nils leikte med tanken på å late som om det var eit ubesvart anrop på mobilen, ringje opp vedkommande og seie til Unni at det hadde hendt noko og at han måtte gå. Tre minutt seinare sat Nils fint på stolen med ølbart.

– Du ligner på Hitler.

Unni var begeistra som om ho hadde tenkt på det lenge og ikkje funne det ut før no.

– Ah, unnskyld. Det er jo trass alt ein Bayer, prøvde Nils seg.

Han sveipa skumbarten frå overleppa og trudde det vart fredstid.

– Men jeg tror han hadde sleiken andre veien, kom det frå henne.

Unni studerte Nils og bekrefta hårmanken for seg sjølv. Eit ekstremt originalt sjekketriks, tenkte han og ruska litt i manken. Nils prøvde å sjå seg sjølv i dessertskjeen. No vart situasjonen både speglvendt og opp ned.

– Nei, det er fint.

Ho stoppa handa hans.

– Du kler det, fortsette ho.

– Det er berre hår, sa han.

Ho heldt fram med å studere skallen.

– De fleste tar alt når de har så lite igjen. Du kler sveisen.

Ho rørte sugerøret i colaen.

– Takk.

Både måne og hentesveis. Nils var no redusert til ein stakkars nazijævel i ufrivillig sølibat, ein oldis og ein

gamal gris med smultande. Han blei ikkje mindre enn dette og lengta etter ein bunker.

– Fortell en vits til, sa Unni.

No var ho i siget, tenkte Nils.

– Hvilken, sa han tørt.

– Haavard sier du er klovnens på lærerrommet.

– Ha!

Nils lo, og kamuflerte brukbart at der og då var sjefen, Haavard Sakariassen, den største idioten han kjende.

– Eg veit no ikkje det. Det er moro på jobben, men eg er nok meir spontan.

– Du kan være spontan no, sa ho.

– Nja... eg er meir ein sånn there and then joker...litt sånn...

Kinamannen kom noko overraskande sjølv om dei hadde venta i snart 15 minutt. Begge fekk Chop Suey med så mykje ris dei berre orka. Det gjekk saktere med ølet frå Kina og Nils hadde berre nippa til den siste halv-literen. Unni peikte på colaen og ba om to. Lurt trekk, tenkte Nils, roe det heile ned nokre hakk.

– Den du fortalte var veldig morsom.

– Jau, takk, men på kommando er det litt verre.

Tunga kom ut for å hente Chop Suey og ho heiv rikeleg med Kikkoman på risen etter å ha smakt litt.

– Jeg kan en gåte, sa ho med mat i kjeften.

Nå blei Nils spent, han sette pris på å sleppe vit-sen.

– Javel? Eg er dårlig på gåter, men du får prøve.

Kinamannen kom med colaen. Begge takka og svara nydeleg på spørsmål om det smakte.

– Vet du hva som er lite, rødt og ligger i et hjørne?

Det er ikkje mogleg, tenkte Nils. Ei gåte som var meint

for sjetteklasser blei no stilt på ein date 30 år seinare. Han drog på det.

– Nja...lite og raudt?

Ho åt vidare. Brydde seg ikkje om at det måtte vere den mest upassande gåta ved eit matbord. Nils kunne ikkje seie svaret. For det første ville det vere krise om det var feil og for det andre er det alltid morsommare å fortelje ei gåte og avsløre svaret sjølv. Unni lente seg over bordet for å kviskre.

– En mongo som slikker på en ostehøvel, vel.

Ho kniste. Ho tok ut tunga og imiterte ein med Down syndrom som slikka på ein imaginær ostehøvel. Dei lo begge to. Ho med hjartet, han med pliktkjensla.

– Ja, den var faen meg bra du, var alt Nils klarte å få fram.

Han tok ut tunga og fekk plassert auga i kryss. Unni lo meir før ho la til med ein peikande finger.

– Ser du? There and then.

Ho var uspiselig og vulgær. Ho var Nils sin bordkavalier halvvegs i ein tre-rettars. Nils tok ein slurk cola og då forstod han meir. Han tok ein slurk til berre for å sjekke. Unni drakk pinadø rom og cola.

– Var det godt?

– Konge.

– Lurte på når du skulle slutte å drikke munkevannet ditt.

Nils kunne sjå at ho var brisen då ho pirka seg i nasen for nittande gong. Han tok fram telefonen og var klar for å dikte opp eit ubesvart anrop.

Foten hennar kom borti leggen og fem sekund seinare forstod Nils at det ikkje var ved eit uhell. Dei lot som ingenting då den kinesiske isen kom. Ho elska isen og

naut smeltinga på tunga. Dei bestilte enno ein cola à la Unni kvar og etter å ha delt rekninga sto dei utanfor kina-restauranten. Ho lo då hentesveisen blei tatt av vinden. Ei lue gjorde susen. Nils haldt rundt daten då taxien stoppa.

Neste morgon gjekk han før ho vakna. Resepsjonisten lurte på om han ville ha ein taxi.

– Til odel og eige?

Nils lo av seg sjølv. Resepsjonisten stussa litt mens han heldt telefonen i handa.

– Hvor skulle du, sa du?

– Eg berre tulla. Fleip!

Resepsjonisten la ned røyret og Nils var ute i det fri. Då han ringde skulen trefte han heldigvis sekretæren. Nils sa at han følte seg uggen, brygga på ein forkjølelse. Hosta litt. Sekretæren sa at han måtte ha på seg lue, han som var så tynn i håret.

Utanfor bygården vaska ein stygg liten bil fortauskan-ten. Den var gul og bråkte noko forferdelig. Nils låste seg inn. Dei 27 nynorskstilene som skulle rettast til i dag var framleis urørd. Han la seg på senga. Haavard skulle få vite at det hadde vore hyggjeleg, men at det ikkje vart noko meir. Kinarestauranten skulle få skryt og han skulle for fyrste gong på fleire år besøke frisøren. Når frisøren spurde om korleis Nils ville ha det, skulle han seie at han ville ha det godt. Begge skulle le og Nils skulle klippe bort alt håret. Hentesveisen skulle sleppe fram månen og når nokon snakka om kor fint det blei skulle han ikkje klovne det bort. Berre sei takk. Ta det til seg. Det var kanskje ikkje meir som skulle til. Naboungane sprang ned-over trappa på veg til ein ny skuledag. Før dei var ute på gata søv Nils. Han skulle drøyme ein draum han aldri kom til å hugse.

SOLBREND

Endeleg, tenkte Bjørn og la på røret. Han skulle reise til Thailand allereie i morgon tidleg og var glad for at salet av naustet gjekk i boks før avreise. Bjørn skulle ta morgonflyet frå Vigra, mellomande i Oslo og Amsterdam, før han landa 23 timar seinare. Bjørn hugsa ikkje kva den thailandske byen heitte, men det stod på einvegsbilletten. Brannsjefen i kommunen hadde kjøpt naustet og Bjørn brydde seg mindre om kva han skulle bruke det til. Huset vart seld for tre månader sidan og Bjørn skulle sove der for siste gong. Han visste ikkje kor lengje han skulle vere i Asia, men det skulle bli herleg å sleppe vestlandsvinteren. Han skulle nyte livet i 25 grader celsius, hadde han sagt til dei som orka å høyre på.

Han la husnøkkelen under matta og kneppa regnjakka i vinden. Naustet låg for seg sjølv ute på neset. Det kom ei floing og vinden vart varm. Naustet var slitt og han smilte for seg sjølv då han tenkte at brannsjefen hadde gitt 65 000 for det. Ein gamal færing og nokre mugne garn tok det meste av plassen. Bjørn løfta på nokre teiner og billene kraup hit og dit før han sette teina tilbake på plass. Han skvatt til då vinden smelte opp naustdøra. Han lukka døra og festa den i ein krok på innsida. Vinden ulte mellom plankane i veggen. Hemsens hadde han

ikkje sjekka og Bjørn klatra opp den gamle stigen. Det var ingenting av interesse der, men han gjekk bort til ei glipe i vegg, såg ut mot havet. Dette synet var kanskje det einaste han kom til å sakne, tenkte han. Bjørn snudde seg og det siste han hugsa frå hemsan var planken som ikkje var der.

Han vakna av regnet som bles inn mellom glipene i vegg. Så besvimte han igjen. Neste morgon vakna han av motordur. Morgonflyet letta, han skimta det gjennom eit hol i det rustne bølgeblekktaket. Bjørn prøvde å reise seg, men det var null krefter i armar og bein. Hovudet var det einaste som reagerte og han bøygde seg fram og såg at høgrefoten hadde gått tvers igjennom båten og nokre tresplintar bora seg inn i støvelen. Det blødde ikkje lenger, men han hadde nok mista ein god del blod. Dei neste dagane glei han inn og ut av verkelegheita utan kontroll.

Sjølv om han visste at ingen ville høyre stemma hans, prøvde han å rope. Det stakk i den eine lungan og han vart andpusten. Han prøvde ein gong til, men det kom ingen lyd. Han grein seg lydlaust i søvn. Sola vekte Bjørn og han hadde ikkje peiling på kor lengje han hadde lagt i naustet. Han klarte å vri hovudet unna solstrålane. Lepene var uttørka og han kjende stanken av si eiga avføring. Lyden av ein bil nærma seg. Den stogga rett utanfor naustet. Bjørn bad til Gud inni seg. Han høyrde to personar gå ut av bilen. Den eine tok tak i naustdøra og røska i den.

– Låst?

– Ja, visst faen er det låst.

Bjørn kjende igjen stemma og temperamentet til brannsjefen og han kom fram til at den andre stemma tilhørde

Peder. Bjørn blei glad og ropte det han makta. Det kom ikkje ein lyd.

– Korleis har han klart å låse frå innsida, sa Peder.

– Sikkert nokre ungar som har klatra inn på hemsen.

Typisk det. Jævla drittungar.

– Kan ikkje forstå vitsen med å ha lås i ei slik gamal rønne uansett, sa Peder.

Brannsjefen gjekk rundt naustet, prøvde å sjå inn, men såg ingenting av interesse, berre nokre gamle garn og han skimta ein pill røten færing.

– Nei, det ser greitt ut, sa brannsjefen.

Bilen forsvann. Bjørn tenkte på Thailand, såg for seg ei kvit strand der han gjekk på den varme sanden.

Om kvelden hørde han bilen igjen. Då bildørene vart opna kjende han att kjenningsmelodien frå Nattønske. Så blei tenninga slått av. Brannsjefen kjende på døra, gjekk rundt naustet og ropte om det var nokon der. Endeleg, tenkte Bjørn, men makta ikkje gje lyd. Brannsjefen prøvde å sparke inn døra, men foten glei på karmen og han banna i smerte.

– Naustet er klarert, sa han.

Bjørn hørde at Peder opna bagasjerommet.

– Held det med ei kanne, trur du?

Brannsjefen svara at naustet var så tørt at det knapt nok trengde bensin. Bjørn hørde skvulping då bensinen vart kasta på veggane. Straks kjende han lukta. Peder tømde siste rest i ei stripe som strekte seg to meter frå naustet.

– Kor lang tid trur du det tek før dei kjem? sa Peder.

– Alt over eit kvarter er for dårleg, sa brannsjefen.

– Eg tippar 13 minutt.

– Ni minutt, sa brannsjefen og fyrte opp ei fyrstikk.

Peder gjekk inn i bilen og ringde naudnummeret. Den årlege brannøvinga var i gong.

Bjørn såg elden pakke inn heile naustet. Han prøvde å rope. Bjørn høyrde aldri brannbilen som kom etter ein halvtime og han fekk aldri oppleve brannsjefens tor-dentale til eit overtrøyt brannmannskap. Naustet brann ned til grunnen og då dei inspiserte det neste dag fann Peder nokre svarte myntar like ved båten. Peder vitsa og sa at brannsjefen hadde svidd av ei formue. Brannsjefen meinte det ikkje var det spor morosamt. Heile brann-korpset hadde svikta då det gjaldt. Over ein halvtime etter alarmen, tenkte han og sparka i ruinane som om han leitte etter noko tilfeldig. Brannsjefen nikka til Willy-André som sat i gravemaskina. Det var berre å setje i gong med oppryddinga. Brannsjefen og Peder køyrde bortetter grusvegen. Då Willy-André fylte den første grabben kom det ei floing. Floinga fekk tak og oske seila utover havet.

CHANEL NO. 5

Leif ropte at det var telefon. Olav var på veg ut og med skorne på gjekk han inn i stova. Då Leif unngjekk blikket hans forstod han at mora var død. Olav pusta ein ekstra gong.

– Ja hallo.

– Det er far din, kom det frå den andre enden.

Det vert ofte stille når Olav pratar med faren i telefonen, sjeldan etter ei setning, men det held lenge med to tellarskritt i månaden.

– Ho mamma klarte det ikkje, fortsette han.

Faren pressar bort gråten.

– Ja, bisettinga vert i neste veke... onsdag eller torsdag.

Olav tek seg saman. Kremtar for å sei noko som aldri blir sagt.

– Mest sannsynleg torsdag, mykje å ordne veit du.

– Mormor da?

– Trur det går greit. Tante er der no.

På tv-en er det morosame heimevideoar. Ein katt spring opp etter gardinene. Leif muter lyden. Han sit på stovebordet. Bokslatteren forsvinn.

– Eg kjem i morgon.

– Fint, vi får snakkast meir då. Må ringje til bror din.

– Hils.

Like før Olav legg på høyrer han at faren seier noko.

– Ja, vil du eg skal hente deg på flyplassen? Hallo? Hallo.

Olav legg på og latar som om det var forseint.

Olav pakkar bukser, strømpes, t-skjorter og skjorter då han kjenner dufta av tøymyknaren. Den same som mora brukte. Comfort, gul sommerduft, var det eineste minnet han tok med. Han hadde lese i et vitskapsblad at lukt er den sterkaste sansen. Han tek ei t-skjorte opp til nasen og dreg inn heile barndommen. Den gode delen. Leif viftar med eit A-4 ark når Olav kjem attende til notida.

– Flyet går 13:15 og lander en time senere.

Olav veit kor lang tid det tek, men nikkar takk. Leif legg billetten på senga og vil halde rundt han. Olav vil vere for seg sjølv, pakke ferdig. Kjærasten skjøner.

I skapet finn han lakkskorne. Han luktar på dei. Burde nok ha brukt størrelse 43, tenkjer han, men foten ser perfekt ut med 42. Han set seg på dobbeltsenga og tenkjer på siste gongen dei møttest. Sjukehuset, stålvasane, den fæle lukta av grønsåpe og lunkne halvetne kjøttkaker. Alt er kunstig og overfladisk på sjukehus. Pleiarane, besøka, prognosane og livet. Det var ikkje mykje som hadde blitt sagt. Hugser at han klemte henne ekstra hardt då dei sa farvel. Han kyssa henne på kinnnet og ho smilte. Mora prøvde å fortelje noko, men han sa at ho måtte spare kreftene til neste gong.

– Håper du likte gåva, sa han.

Mora såg på den vesle Chanel no. 5-flaska og lukta på pulsåra. Ho nikka bekreftande. Smilte. Ho ville seie noko, men eit nytt hosteanfall kom. Mora kneip hardt i lakenet. Det krølla seg under henne. Ei av sjukepleia-

rane kom og sa at det var på tide å la henne kvile. Heller komme att i morgon. Olav såg at mora var glad for at han hadde tatt turen.

Då faren køyrde Jonas til flyplassen snakka dei mest om praktiske ting. Når landa flyet i Oslo, om det var kaldt der og at han måtte ringje når han var vel framme. Faren skraut av brua då dei passerte.

– Verdas finaste bru, sa han.

Dei gav kvarandre ein klønete klem og eit hardt handtrykk ved innsjekk.

På veg opp flytrappa snudde Olav seg og faren såg på guten sin frå kafeen som alltid. Begge vinka. Olav såg at dei likna på kvarandre.

Tilbakeleint i flysetet forsikra han seg om at neste gong dei møttest skulle han fortelje mora og faren kor glad han var i dei, alt dei hadde betydd. Dei skulle få treffe Leif. Olav skulle spørje mora om kva ho prøvde å seie den dagen ho var så sjuk at ho berre hosta. Ho skulle svare at det ikkje var noko viktig. Faren skulle spandere middag på fin restaurant og dei skulle skåle i vin og konjakk før alle tre måtte springe i regnet utan paraply for å rekke niaren på kino. Då kvelden tok slutt skulle Olav spandere taxituren heim. Neste morgon skulle dei ha god tid og spise ein frukost som hadde alt. Olav lovde seg sjølv at det skulle dei gjere neste gong.



KIKKAREN

Lysa var sløkt. Akvariet til Trevor hadde lystimer og den einaste fisken som framleis levde hadde han kalt Bada-bing. Jenta i dyrebutikken hadde sagt at fisken var algetar og at den ikkje vert større enn akvariet tillet. Bada-bing var no godt over 20 centimeter. Lyset frå akvariet fekk fram refleksjonen til Trevor i dei mørke vindauga. Trevor lurte på kvar alle draumane om proffspel i England hadde reist. Han skulle då aldri bli den feitaste han visste om.

Han studerte seg sjølv slik ein gjer når ein trur at ingen ser på. Blåste opp magen og stramma den inn. Viste musklar som var godt skjult og gjorde grimasar mens han etterlikna dialekten til Tore på Sporet. Det gjekk ikkje lang tid før tida stoppa heilt opp. Ut av natta stod han der. Kikkaren. Det var ei stund sidan folk hadde snakka om han. Dei fleste meinte han var frå naboøya. Dei første rykta hadde oppstådd for vel tre månader sidan, men i det siste hadde han haldt ein lav profil. Folk var på vakt og dei skulle ta jævelen. Han kom nok til å bli rulla som ein lovlaus cowboy i fjær og tjære slik at alle fekk spytta på han. Den ukjende kunstnaren påsto at han hadde fått eit slikt besøk som Trevor hadde akkurat no. Han gjorde eit forferdeleg stort nummer av det. Den ukjende kunst-

naren er over snittet feit og det var nok det som gjorde at Kikkaren slapp unna. Den ukjende kunstnaren snakka både på inn- og utpust neste morgon på Øysenteret.

– Han hadde sykkel. Han var sjukt godt førebudd. Eg hadde ikkje sjanse. Ryggen veit du. Stiv i ryggen. Sa eg at han brukte sykkel? Kjapp som få.

Pensjonistane møtte alltid opp klokka 10 for å spele på automat og drikke kaffe. No var dei midt i ein periode der dei venta på dei snille automatane frå regjeringa. Dei skrapa flaxlodd medan den ukjende kunstnaren la ut i det vide og det breie. Dei brydde seg mindre og nikka på høvelege plassar. Den ukjende kunstnaren hadde vrikka foten òg, det var ikkje måte på for ei natt han hadde lagt bak seg. Pensjonistane spanderte tebrød og kaffe slik at han haldt kjeft i eit sekund om gongen.

Kikkaren stira på Trevor med store auge. Ein naturleg reaksjon ville ha vore å ta affære. Men ingen av dei gjorde noko som helst. Det var vanskeleg å dra kjensel på skapningen. Nokon hadde sagt at han var tynn, nokon sa tjukk, nokon sa han mangla ei hand og nokon hadde gått så langt som å seie at det var ei kvinne. Det var få som kunne tenkje seg at ei kvinne gjorde dette. Nei, kjerringane på Giske hadde andre ting å gjere enn å reke rundt nattestid.

Kikkaren må ha stått der i eitt minutt, kanskje to. Trevor løfta handa forsiktig, og gav eit kongeleg vink. Kikkaren var frekk og hadde nervar av stål, han gjorde nemlig den same rørsla. Som for å terge. Trevor tok handa ned og visst faen, Kikkaren følgde på. Trevor rista på hovudet. Sakte. Berre for å sjekke. Før han rakk å sjå Kikkarens reaksjon følte lystimeren til Badabing at det var på tide å ta kvelden. Akvariet gjekk frå grumsegrått

til svart. No var stova heilt mørk og situasjonen blei borte. Trevor trykte nasen mot det kjølige glaset, skjerma med hendene på kvar side av hovudet. Ingen å sjå. Tony Soprano hadde nok lagt seg og ikkje tenkt nærmare over saken. Kanskje fått gitaristen i E Street Band til å sjekke litt rundt, men ikkje noko meir. Situasjonen hadde vore harmlaus. Det var ikkje noko blod av opne sår eller utroskap inne i biletet. Det var ikkje bygdadans. Det var over og ingen skade skjedd.

Trevor sa som vanleg Badabing til Badabing før han gjekk på badet. Tennene vart pliktpussa og då han sette børsten i stativet såg han i spegelen. Det var lenge sidan Trevor hadde stoppa opp. Han studerte det som var att av sveis. Han lukka auga og opna dei fort for å sjekke om pupillane gjekk frå store til små. Først den venstre. Begge pupillane var intakt og han visste at det meste var greit. Det var slik dei hadde sjekka skallen til Torgeir Andre. Legen hadde funne dei første signala på svulst nett slik. Torgeir Andre var noko redusert i den eine handa etter operasjonen. Han vitsa det bort med at runkinga vart mykje meir spennande. Det var ei fattig trøst, men det var det ingen som sa. Alle berre jatta med.

No stod Trevor fullt påkledd i gangen. Utposten hadde spådd veret for heile veka og det skulle bli kaldare. Mora til Trevor maste alltid om at han måtte kle seg godt. Lua var på plass. Sjølv om mora var død var det framleis kaldt på øyrene. Han låste som vanleg døra og la nøkkelten inne i ein rose malt tresko. Under trappa stod sykkelten. Den var gammal og ulåst. Om nokon ville stele den var dei velkommen til det, men det gjekk stort sett bra, brua til trass.

Månen var ein annan stad og dei fleste var snart i seng.

Trevor sykla i lyset av ein lyktestolpe før han glei inn i den mørke Giske-natta. Neste dag skulle dei snakke om Kikkaren i lunsjpausen. Alle skulle snakke om at han var tilbake. Det var Loch Ness på land. Dei ivrigaste skulle leggje ein ny plan for å få tatt svinet. Det var alle mot ein. Denne gongen var det alvor.

GRÅSONER

Den 26. august 1944 var siste gongen ho fekk besøk av Generalen. Ho visste ikkje kva han heitte, ingen på øya visste det. Generalen hadde fått beskjed om at tenestetida var over og at han kunne reise attende til familien i Tyskland. Han tok henne på kjøkkenbenken, mens for-eldra hennar søv. Det var det heile. Generalen blei med mjølkebåten dagen etter. På frigjeringsdagen 1945 blei Halldor fødd. Alle visste kven som var faren til Halldor. Alle unntatt mora. Ho var ikkje sikker, meinte det var fire moglege kandidatar, men det var hennar hemmelegheit.

Halldor hadde pynta seg. Dressen var ny og skjorta hadde han berre brukt i bisettinga til mora. Han såg på seg sjølv i spegelen og kunne ikkje forstå at han hadde heldt ut i 60 år. Ikkje var han skuleflink, ikkje hadde han draget på damene, ikkje fekk han jobb på land og han blei aldri spurdt om å vere med i 17. mai-komiteen. Heile oppveksten var Halldor kjend som tyskarungen. Han hadde blitt med til Grønland på rekefiske då han var 16 år og det hadde blitt ein friplass. Det blei sjøen resten av livet. Han hadde arva huset etter mora og budde der då han var på land. Halldor slukte alt som hadde med fiskeripolitikk å gjere og han sende inn anonyme lesarinnlegg

til avisene berre for å provosere. Han kalla seg for Reka Banditten og skreiv slik at dei lokale politikarane fekk ei stri tårn med å svare. Taxien kom og Halldor slo av lyset på badet.

På veg inn til byen snakka sjåføren om at Halldor var ein sjeldan mann å sjå og han snakka om veret. Halldor svara ja og nei på høvelege plassar. Han hadde bestilt bord for ein og var ute i god tid. Medan han venta på at hotellrestauranten skulle opne høyrde han trampeklapp frå bankettsalen. Han gjekk opp for å sjekke, men halvvegs i trappa fekk Halldor klar beskjed om at han ikkje hadde noko der å gjere. Hovmeisteren vinka på 60-årsjubilanten og han hengde av seg ytterjakka. Han kjende jenta som stod i garderoben, men ho gav liten respons. Halldor fekk bord og vinkartet. Denne kvelden skulle han nyte. Han hadde bestemt seg for å skeie ut og unne seg både tørt og vått.

Forsamlinga frå bankettsalen kom ned i resepsjonen og etter kvart var heile restauranten full. Det var ingen kjentfolk og Halldor tenkte at dette låg an til å bli ein fin bursdag. På nabobordet var det ein gjeng som verkeleg var i farta. Den eldste av dei, ein mann i 50-åra, blei rosa i andletet når han lo. Og han lo av alt som blei sagt. Kvar gong kelnerjenta kom bort til bordet sa han at rekninga skulle setjast på rom 4022. Han blunka til henne som om ho forstod kva han meinte. Dei andre lo av han og han lo enno meir av dei. Forretten til Halldor vart melon og skinke, biffen som hovudrett var saftig og perfekt. Deserten måtte han hoppe over. Han smilte med ein tannpirkar i munnviken då kelneren vitsa med at dessert glir innimellom. På veg ut kjende han at raudvinen virka,

han var varm inni seg. Halldor gav 20 kroner for å få jakka. Då han bestilte taxi i resepsjonen hørde han latter og musikk frå etasjen over. Han såg på eit skilt at nattklubben hadde opna. Resepsjonisten sa at nattklubben berre var for hotellets gjestar. Halldor blei provosert og spurde om det var eit toalett i nærleiken for gjestar som hadde brukt i overkant av 1000 kroner på ein torettars. Resepsjonisten tok fram smilet og henviste til trappa ned mot kjellaren, før han gav Halldor referansenummeret på taxien.

På veg ut av toalettet såg Halldor at heisdøra opna seg. Ei thaidame heiv ut nokre plastsekkar med sengklede. Han fekk thaidama til å halde heisdøra, mens han fomla i lommene etter nøkkelen. Ho tok hintet og spurde kvar han skulle.

– Opp i andre etasje, kom det kontant.

Vaskehjelpa stakk kortet inn og heisdøra lukka seg. Halldor var usikker på kva han dreiv på med, men han kunne gjere kva han ville. Det var hans bursdag. Hjartet slo fortare då heisa stoppa i resepsjonen og han skimta ein taxisjåfør som var irritert på resepsjonisten. Halldor skjulte seg bak dei som kom inn.

Inne på nattklubben var det golvteppe, dunkel belysning og stank av øl. Halldor sette seg ved baren. Ein gjeng på hans alder var godt i siget på den andre sida av det tomme dansegolv. Elles satt det nokre par her og der. Bartenderen lurte på kva han kunne tilby. Halldor sjekka utvalet sjølv om han visste at det blei malt whisky. Han fekk spriten saman med eit glas vatn. Halldor drog fram lommeboka og ville gi frå seg ein femhundrelapp.

– Det er ikkje omsetjing her, sa bartenderen og tok tak i glaset til Halldor.

– Du får setje det på rommet mitt då, 4022.

Kelneren vart letta over at Halldor budde på hotellet og skreiv ned nummeret. Han viste det fram for kontrollsjekk. Halldor nikka.

Det blei eit jamt sig med folk og etter to timar hadde Halldor gått over til konjakk, den dyraste sorten. Han kjende igjen nokre frå øyane og kom i samtale med ein frå Runde. Dei hadde vore på same båt, til ulik tid, men begge meinte det same om kapteinen. Han var ein dritsekk. Det vart trongt om plassen ved baren og Halldor kjende ei olboge i ryggen. Då han snudde seg var det Lars-Jacob Krogh som ville bestille drinkar. Halldor nikka som om dei kjende kvarandre. Krogh bestilte og fekk med seg ei heilflaske vodka. Halldor visste at det var mot reglementet, men det var vel slik det var å vere kjendis. Ein Jägermeistershot vart satt framfor Halldor. Bartenderen hadde skjenka i og han peika bort på tre gutar som sat på den andre sida av baren. Dei spanderte og Halldor forstod tanken bak. Slik hadde det vore tidlegare og. Fedrane deira hadde spandert Jägermeister på Halldor for tjue år sidan, same greia. Tyskarungen løfta opp lakrisdrinken, skålte mot dei og styrta den. Halldor slo glaset i disken og smilte, peikte på dei, tok fingeren opp mot halsen og let som om han skar over strupa. Dei var ikkje fullt så høge i hatten og Halldor fekk vere i fred.

På den andre sida av dansegolvet skimta han Lars-Jacob Krogh som skjenka i vodka til dei som sat rundt bordet. Og der, lengst inne, sat mannen som på 80-talet var den skumlaste personen i heile verda. Halldor blei usikker på om det kunne vere han, men han hugsa at det stod noko om bokutgiving og seminar i Sunnmørsposten. Visst var det han. Arne Treholt skålte med Krogh og dei

andre. Halldor tok med seg jakka og drinken. Han luska rundt i lokalet og spionerte på dei. Halldor visste ikkje heilt kva han skulle seie til Treholt, men han visste at han måtte snakke med han. Alle på dansegolvet var opptatt med sjekking og Halldor var sikker på at dei fleste ikkje visste kven Treholt var. Han tok sats og gjekk bestemt mot bordet. Halldor vart overraska då to menn stengde vegen, men han hadde såpass til fart at han glei forbi dei. Og der stod han framfor landssvikaren. Lars-Jacob Krogh gav teikn til vaktene at dei ikkje skulle ta affære, enno. Halldor såg Treholt djupt inn i auga, skjerpa seg og rekte fram høgrehanda.

– Arne Treholt! Takk for alt du har gjort! sa han med klar stemme.

Treholt vart noko overraska over kommentaren, men tok det til seg. Krogh blinka til vaktene og situasjonen roa seg. Treholt gav plass og lurte på kva Halldor ville ha å drikke. Halldor sette seg og tok imot vodka.

Halldor blei sitjande nesten ein halvtime og dei prata om det å bli 60, utvidinga av den norske kystlinja, Jens Evensen, framtida og at dei begge var fødd under krigen. Halldor lovde å lese boka til Treholt, Gråsoner. Folk la merke til at Halldor sat saman med Arne Treholt, men dei let som ingenting. Lars-Jacob Krogh fekk gitt uttrykk for at det kanskje var på tide for Halldor å ta kvelden. Halldor var einig og gav Treholt ein god klem for samtalen.

Resepsjonisten ville ikkje bestille taxi, men han fekk to vakter til å følgje Halldor til døra. Halldor brydde seg mindre og gjekk opp mot byparken og fortsette opp til Fjellstova. Frå utkiksposten såg han heile Ålesund, han såg ut mot Giske og dei andre øyane. Halldor skimta

huset der han hadde budd heile livet. Han tenkte på mora som hadde stått imot alt, heilt åleine. Halldor var trøtt og la seg i ein av bunkarane som tyskarane hadde bygd på toppen av Ålesund under krigen.

Allereie på nattbussen begynte rykta å spreie seg. Tyskarungen hadde snakka med Treholt. Kva dei hadde snakka om visste ingen, men dei hadde drukke russisk sprit og gitt kvarandre ein klem. No var ingen trygge. Ingen.

HUSET

Huset midt på øya står sjeldan tomt. Det hadde blitt slik at når eit ekteskap eller forhold rauk var det kvite huset mellomstasjonen før livet kom på rett spor. Mannfolka på øya vitsa og sa at det var best å vere heime og ta vare på kjerringa når huset var ledig. Det var stort sett damene som flytta ut mens mannen blei buande i huset dei ein gong hadde bygd saman. No var det presten som hadde flytta inn. Kona budde framleis i presteboligen. Alt hadde gått fort etter jul og folk visste ikkje heilt korleis dei skulle angripe situasjonen. Alle trudde det ville ordne seg, at ekteskapet berre trengde luft.

Presten hadde fått kyrkjelyden attende til Guds hus etter nokre magre år. Hausten hadde vore fantastisk og på julaftan låg det an til rekord, men vind frå sørvest og regn hadde stogga tvilarane. Presten hadde no søkt permisjon fram til påske og kyrkja hadde fått ein kvinneleg vikar. Folk var skeptiske, men møtte opp og ba til Gud om at den vanlege presten måtte bli frisk. Vikaren fekk sjølvtilitt og tenkte at verda endeleg var klar for kvinner i kyrkja. Kyrkjelyden var av ei anna meining og i dei to månadene ho var Guds stemme vart det avlyst eitt bryllaup, tre barnedåpar og ingen døydde.

Då presten ringde til huseigaren var det Trond Giske

som tok telefonen. Dei var jamgamle og snakka om laust og fast før politikaren sa at presten skulle få snakke med pappa. Faren til Trond Giske hadde budd på Giske som ung og den nye generasjonen kjende han berre som faren til Trond Giske. Presten forklarte situasjonen og etter nokre telefonar blei eks-en til Oddis kasta ut. Ho forstod at presten måtte prioriterast og flytta dagen etter.

Presten hadde knapt vore utanfor døra på tre månader og sonen til Ola Ola hadde levert mat to gonger i veka. Det var lite som blei sagt når dei bytta veksle mot varer. Denne gongen hadde presten bestilt skokrem og sonen til Ola Ola tenkte at det gjekk mot livsgnist og håp. Han sette banankassa med varene på kjøkkenbordet.

– Frå neste veke får vi både Dagbladet og VG, kunne det ha vore interessant?

– Eg skal slutte å lese, sa presten.

Kremmaren tok hintet om ikkje å føre samtale.

På bedehuset hadde det vore debatt om den årlege basaren skulle avlysast eller flyttast til etter påske. Etter eit styremøte hadde dei kome fram til at dei trengde pengane snarast. Bedehusstyret skulle kjøpe slagverk og songanlegg for å lokke til seg ungdommen. No gjekk konfirmantane rundt på øya med basarlistar. Det kosta fem kroner nummeret og i år var det heile ti forskjellige lister. Den gjæveste premien var ein tur til Tyrkia. Folk blei forbanna då dei såg at ei på aldersheimen hadde kjøpt heile lodd-boka. Det hadde kosta henne 2000 kroner og ho gjorde det for ei god sak.

– Kva skal ho i Tyrkia? Det er jo livsfarleg der, sa folk.

Bettina og Ingrid gledde seg til sjølve konfirmasjonsdagen, men kunne ikkje fordra den lesbiske prestevikaren. Regnet plaga ingen på Giske, men når det blåste gjorde

vinden det vanskeleg å vere i godt humør. Jentene hadde fått inn ca 1500 kroner og dei var gjennomblaute. Bettina var klar for å hoppe over dei to siste husa, men Ingrid meinte det ville vere eit sjansespel å lyge når dei var på oppdrag for bedehuset. Spesielt om presten blei ignorert.

– Presten kjem heilt sikkert til å spør kvifor ikkje han fekk sjansen til å vinne frukt og fenalår, argumenterte Ingrid.

Bettina tok poenget, men dei blei einige om å gå til nabogarden først.

Presten varma vatn og frå radioen på kjøkkenbordet song Hanne Boel. Han heldt fram med å pusse skorner og det var snakk om små detaljar før dei var perfekt. Han sette dei frå seg på bordet då vatnet nådde 100 grader og fylte koffeinfri pulverkaffi i ein gamal kopp. Han såg ut vindaugget og var glad for å vere inne. Presten nippa til kaffien. Det hadde blitt så mykje å tenkje på og hovudet var altfor lite. Han skjønte henne på ein måte, men ho visste då at dei aldri skulle få born. Avtalen var klar allereie då dei gifta seg og Guds son måtte då vere meir enn bra nok. Ho argumenterte med at det var andre tider då. Dei kunne i det minste adoptere, foreslo ho til slutt. I den siste månaden hadde presten tenkt mykje på det som skjedde då ho sa det med adopsjon, men han visste at djevelen kom på besøk i han og knyttneven som trefte henne var knallraud og glovarm. Han prøvde å forklare at det var ein test frå oven, men det gagna lite. Heime hadde han svikta 100 prosent og det ville aldri bli som før. Hanne Boel blei erstatta av Odd Nordstoga. Presten skrudde ned volumet og løfta opp dei blanke skorner. Han tok dei på og knytte dobbelknote. Dressjakka som hang

over den eine stolen sat perfekt. Ute i gangen var det meste klart og han sjekka om tauet var godt nok festa.

Ingrid og Bettina hadde fått twist og småkaker samt 200 kroner i loddsalg. Dei var ved godt mot og hadde berre eitt hus igjen. Ingrid kjende presten godt, og visste at alt ikkje var som det skulle. Vegen bort til huset var mørk og Bettina lurte på om det verkeleg var nødvendig.

– Han er nok ikkje heime, sa ho.

– Han er berre heime, sa Ingrid.

Det var mørkt bortsett frå eit lys på kjøkkenet og utelampa. Jentene sto i ly av eit stort grantre og fekk att pusten som vinden hadde teke. Utelykta lyste opp regnet. Det plaska vatn ut av den eine takrenna og det tomme tørkestativet gjekk ustanseleg rundt.

Presten sette krakken på plass under lykkja. Frå gangen var tauet strekt opp i andre etasje og festa til rekkverket. Han hadde brukt fleire timar på å finne rett tau nede i kjellaren og var sikker på at han hadde valt det beste for formålet. Han hadde vurdert piller eller pistol, men det blei tau frå tre. Symbolikken var klar. Han steig opp på krakken og mista nesten balansen. Han la lykkja rundt hovudet og stramma til ved halsen. Utanfor bles det sterkare og nokre greiner slo mot vindauget. Det var vanleg å leggje att eit brev eller noko liknande, men presten ville ikkje det. Det meste hadde blitt sagt og gjort. No ville han heim. Radioen var for lav til å kjenne songen. Tida var no. Han let att auga og folda hendene. Nokon banka på ei dør før røysta av ein engel ropte til han frå det fjerne.

– Hallo, er du der Helge?

Det banka ein gong til og han visste at Gud venta. Han hadde teke det rette valet.

– Hallo, sa engelen ein gong til før det banka igjen.

Eg kjem, tenkte han og dei nypussa lakkskorne velta stolen. Føtene nådde ikkje golvet, knuten gjorde jobben og skorane rista i 5 sekund før dei hang i enden av ein prest som var daud for alltid. Kaffien på kjøkkenet var perfekt no og på radioen var det eit intervju med gitaristen og vokalisten i Madrugada.

Ingrid banka for tredje gong, men det var ingen som opna. Bettina var allereie på veg bort frå huset og Ingrid slo følgje. Begge skvatt oppe ved vegen då Joggaren kom utan ein lyd. Han jogga aldri rundt øya, men tok alle småvegane. Halve venstre hand mangla og hovudet var på skakke. Jentene syntes han var skummel. Joggareren sleit seg vidare i motvinden. Ingrid og Bettina hadde gjort det som var forventa og inne på bedehuset fekk dei kakao og skryt. Seinare kom alle konfirmantane og det blei pizza og brus. Om nokre dagar skulle faren til Trond Giske få ein ny telefon. Ingen visste kven som kom til å ringje, men no var sjansen der. Huset var til leige for den som trengde ein ny start.



KÅRE OG ELVIS

Med jamne mellomrom hatar han Morrissey. Hatet ligg langt inn i ryggmargen og det har vart sidan åttande klasse. Alt Morrissey snakkar om og alle som trur han seier noko fornuftig, er det verste Kåre veit. Det var lengje sidan han hadde tenkt på Manchester og alt søppelet den bølga hadde skylt i land. No var han på ein flyplass i Milano og novellene til Hemingway fekk tida til å gå. Irritasjonen over at historiene hadde opne sluttar var over. Det meste var sytalaust.

Kåre kjente først ei femi lukt, men heilt klart ei parfyme for menn. Lukt og fargar var ei slags greie for Kåre og parfyma gav assosiasjonen aprikos. Først prøvde han å ignorere mannen, men det var mot si hensikt. Han kom nærmare. Kroppen sette seg ned to seter ved sidan av. Kåre irriterte seg over eiga haldning og tenkte at det var typisk norsk å halde avstand. Aprikosmannen tok ei bok ut av skulderveska. Nordmannen i Kåre blei glad då han såg Jostein Gaarders suksess på engelsk. Sjølv om det er lengje sidan den kom ut er vel filosofi framleis relevant, konkluderte han for seg sjølv. Mannen snakka med ein litt ovanfrå og ned-aksent då han kommenterte bootsa til Kåre.

– Flotte boots, sa han på engelsk.

Kåre nikka stolt og beundra dei han og.

– Takk, fekk han fram frå ein tørr hals.

Kåre hadde snakka ein del engelsk i Italia og passa på å ikkje snakke gebrokkent slik som italienerne gjer.

– Det er mitt design, kremta han fram. Eg designer boots.

Kåre snudde seg mot mannen og tenkte at det var ein potensiell kjøpar han sat ved sida av. Det første Kåre la merke til var at sleiken framleis var intakt etter alle desse åra. Morrissey hadde blitt eldre, men han var stram i tøyet og dongeribuksa hadde foldekant. Rosa skjorte og blått slips. Kåre lot som han ikkje drog kjensel på sitt ungdomsnemesis. Han leitte etter orda og var sikker på at situasjonen var under kontroll.

– Good book?

Morrissey løfta på Sofies Verden og fortalte at han nett hadde komme til side 15. Kåre heldt fram Hemingway og brifa med side 108.

– Kjipe sluttar, sa Morrissey uinteressert. Eg liker ikkje sluttane, repeterte han.

Kåre logra og sa seg litt einig før han la til at det heile kanskje virka meir realistisk på den måten. Morrissey avfeide teorien og fekk sagt at det siste han var interessert i var realisme når han skulle bruke timar på å lese. Han henviste til Sofies Verden og Kåre forstod ikkje heilt kva som nett hadde blitt sagt. Samtalen stoppa litt opp.

Det var mange år sidan gjengen hadde vore i kjellerstova til Alexander. Alexander elska alt som ingen hadde høyrte om og hata alt som blei kommers. Han var ihuga Doors-fan fram til Oliver Stone sin film.

– Når alle likar det kan det ikkje vere bra, sa Alexander så ofte sjansen baud seg.

Kåre haldt som regel kjeft og var aldri i opposisjon. Alexander var offisielt uslåeleg i alt, spesielt ferjehockey. Respatexbordet var isen, eit askebeget på kvar side var mål, stålkanten rundt dugde som vant og heldt krona i spel. Ingen hadde slått Alexander i ferjehockey og det var heller ingen som trudde det kom til å skje. Gjengen var om bord. Heim frå laurdagsbytur. Alle hadde kjøpt snop og brus. Alexander brukte ikkje pengar på slikt. Han leste NME og Melody Maker og fortalde om engelske rockeband som gjengen trudde dei kjende. Han ferska Oddis eingong med å påstå at The Envelopes skulle komme til Oslo. Oddis tok ein sjanse og gira seg skikkeleg opp. Han gjekk så langt at han lot som om hiten deira låg yttarst på tungespissen. Alle lo rått då Alexander fortalde at The Envelopes aldri hadde eksistert og aldri kom til å eksistere.

– Kven vil heite Konvoluttane, lo han. Konvoluttane!
Alle lo meir. Alle unntatt Oddis.

I kjellarstova hos Alexander hang det alltid overdimensjonerte plakatar. På den nyaste plakaten var det eit bilete av Elvis Presley. Bandet heitte The Smiths og Kåre konkluderte med at det var coveret på ei plate eller ein single. Kåre hadde verkeleg manna seg opp og i eit dårleg skjult hosteanfall fekk han pressa fram spørsmålet. Det blei heilt stille. Oddis og Jon såg på Alexander som i vantru braut ut i latter. Oddis og Jon følgde på.

– Om Elvis syng i The Smiths? Går det an? Kvar har du det ifrå? Er du heilt idiot?

Kommentarene til Alexander stod i kø. Kåre kom aldri til å nå høgare på den musikalske rangstigen. Alexander avslutta sekvensen med musikkhistorie og det var då Kåre fekk greie på at Elvis var pilledaud fem år før The

Smiths vart starta. Kåre takka for infoen og visste framleis ikkje når Elvis døydde eller når dette perverse bandet som brukte daude menneske på coveret vart starta. Då Kåre la seg den kvelden kunne han ikkje forstå viten med å ha andre menneske enn dei som er i bandet på coveret. Phil Collins ville aldri ha bilete av for eksempel Abba, tenkte han og visste at The Smiths per definisjon var idiotar.

Nokre veker seinare utfordra Alexander alle i ferjehockey. Den som kunne slå meisteren skulle få debut-lp-en til The Smiths. Det var førsteopplag og greier. Alle hadde sjølvsagt tapt. Ferja nærma seg kai og det var berre Kåre att.

– Elvis, din tur!

Kåre prøvde seg med at det ikkje var nok tid.

– Du skal få fem poengs leiing. Førstemann til ti.

Det tok Alexander tre minutt å utlikne forspranget, men så slo Kåre til. Uverkelig nok leidde han 9-7 og best av alt, det var hans tur. Gjengen var stille, alle fire. Mynten glei bort frå den sveitte fingaren, over respatexisen og stoppa på målkanten. Alle heldt pusten. Dunk! Ferja la til kai og mynten vippa i mål. Full jubel. Alexander var overraskande blid og gratulerte med ein fantastisk siger. Coveret på premien var ein mann i bar overkropp som såg i bakken. Fargen var lilla, men det lukta blått. Heilt klart blått, tenkte Kåre. Kåre tok imot lp-en og overraskinga var stor då Alexander heldt ei mindre utgåve av coveret i den andre handa. Alle var imponert og han vifta i triumf. Ein cd. Alexander hadde sjølvsagt lurt alle og fått tak i cd-plata av debutalbumet til The Smiths. Han lo sist enno ein gong og der sto Kåre med ei støvete vinylplate, men utan grammofonspelar. Med andakt glei compactdiscen

inn i laserhimmelen og Morrissey sang utan knitring og hakk. Framtida var tilstades, Kåre ville bort.

Kåre blei sjeldnare og sjeldnare med til byen på laurdager. Men no og då blei han minna på Morrissey, The Smiths og alt dei stod for. Alexander mista interessa då den fyrste samleplata blei utgitt. The Smiths blei oppløyst og det same skjedde med gjengen. Det kom ut bøker for å prise Morrissey og kva Smiths hadde betydd. Alle hylla tekstane for at dei var frekke, smarte og vågale. Tekstane seier ingenting om mitt liv, tenkte Kåre. The Smiths blei kåra til den mest innflytelsesrike popgruppa nokon gong.

Ein sommar rota han seg borti ei jente frå Moss. Den fineste Kåre nokon gong hadde møtt. Alt gjekk bra heilt til ho kom ut av Smiths-skapet. Ho elska Smiths. Han stod som nummer to i rekkja. Kåre slo opp og sa at det ikkje var ho det var noko galt med. Romanen Bikubesong, som hadde Smiths-songar til soundtrack, vart oppsett på teaterscena i Oslo og Morrissey var trekkplasteret på Quart-festivalen. Det var nok då det tippa over for Kåre. Like før leggjetid skulle han kose seg med kveldsnytt. Nina Owing var over seg av begeistring då ho annonserte at Morrissey strålte i sørlandsbyen. To dagar seinere satt Kåre på flyet i retning Milano.

Businessen hadde omsider tatt seg opp og salet av støvlar gjekk over all forventning. No var neste stopp varemesse i London. Kåre såg bort på songaren og tenkte at Morrissey likna på Morrissey. Han kremta fram engelsk kunnskapen.

– Kva driv du med då?

Morrissey blei litt brydd, men letta over ikkje å bli gjenkjend. Han smilte i kinnskjegget.

– Eg skriv, syngjer.

Han henviste til boka.

– Les som du ser. Ja, alt ein mann i sin beste alder gjer.

Kåre nikka seg einig før han la ut om sko, skomesser og forskjellen på alle dei internasjonale skostørrelsane. Morrissey lo på dei rette plassane og kom med ein eller annen kjapp replikk. Oneliners. Han lærte bort eit imponerande trylletriks der han fekk ein euro til å forsvinne frå Kåres knyttneve. Sunnmøringen som hadde forlatt fedrelandet la ut om alt det fantastiske Noreg hadde å by på. Morrissey hadde håpa å få reise med hurtigruta eingong og oppleve midnattsola. Han hadde blitt lova midnattsol av Quartleinga, men vart skuffa og tverr då klokka hadde nærma seg fire om morgonen. Kåre visste at det var for seint å fortelje at han hadde førsteutgåva av debut-lp-en til The Smiths. Den låg i kjellaren heime hos mora. No skulle faen meg Oddis, Jon og Alexander sett meg, tenkte han. Alle Smithsidiotene skulle ha sett meg.

Kåre sa at Morrissey likna på Elvis før han la fram teorien om at dersom Elvis hadde gitt ut ei plate med bilete av Morrissey på coveret, hadde ikkje folk sett forskjell.

– Folk hadde trudd at det var du som var Elvis, insisterte Kåre.

Morrissey blei flau, men smigra og sa at Kongen måtte få leve i fred, det er Dronninga som er problemet. Begge lo og tida var snart ute. Morrissey snakka framleis varmt om støvlane og spurde etter visittkortet. Han prøvde å lese namnet og hadde ein overraskande god diksjon.

Begge takka for ein hyggjeleg time og ønska kvarandre god tur. Kåre reiste seg for å ta farvel og spurde om namnet. Etter ei lita pause sa han Steven. Han gjentok det og la til Patrick. Dei tok kvarandre i hendene og Steven

Patrick såg Kåre oppriktig inn i auga. Så sa han noko Kåre aldri skulle gløyme. Ti sekund seinare var han vekk. Morrissey glei inn i mengden.

Kåre sette seg. Tenkte over alt. Sjukt. Rett og slett sjukt. På stolen låg Sofies Verden. Klokka var godt over åtte om kvelden. Han stod stille medan rulletrappa rulla opp mot gate 22. Etter tjue år kunne han framleis nummeret til Alexander. Han visste at Alexander jobba på fabrikk, men trudde at han hadde fri så seint. Summetonen var annleis i Italia. Det var long distance. Det ringte framleis. Der. Mora til Alexander løfta av røret.

– Ja hallo, sa ho med den milde, varme stemma.

Han hadde ikkje høyrte henne snakke på vel tjue år. Kanskje meir. Kåre sa kven det var og fekk inntrykk av at ho hadde venta på denne telefonen i alle desse åra. Kåre kunne høyre at ho lyste opp. Ho skulle hente Alexander, han måtte berre vente litt. Ho ropte namnet på veg ned trappa. Kåre visste kvar telefonen stod. Han hugsa lukta i huset. Mørk oransje. Han såg for seg bilda i stova, fruktfatet med sviskeboksa, den gule øskja med mokkasjokolade og klokka på veggen som slo kvar gong den følte for det.

Skritta til Alexander kom opp trappa. Kåre skulle fortelje om Elvis og at han ville kjøpe sko som han hadde laga. Alexander var maks to skritt frå røret. Han fomla det opp til munnen.

– Hallo.

– Det er ferjehockeykongen, sa Kåre.

Dei mimra og flira på kvar sin kant av Europa. Kjensla av tjue år forsvann i løpet av nokre tellarskritt. Begge snakka heilt til Kåre blei ropt opp på italiensk.

– Det er berre ein ting til, sa Kåre.

Han fortalde det siste Morrissey hadde sagt før han forsvann. Det blei stille i fem, kanskje ti sekund.

– Hallo, er du der, sa Kåre.

Alexander kremta før han trakk pusten.

– Vil du love meg ein ting?

– Sjølvklart, sa Kåre.

– Ikkje sei det til nokon.

TWENTY 4 SEVEN

Ole-Johnny var som vanleg heime på juleferie og han hadde sørga for det som var av action i år og. Han låg i snøen og prøvde å tenkje på ingenting. Han kneip att auga. Sjølv i det svartaste svarte fann han ingenting. Han trudde han hadde det, men oppdaga gule prikkar. Han prøvde å tenkje på universet. Det var ikkje spesielt lett og han kom til at ingenting er ikkje eksisterande. Det siste Tove hadde sagt før han fekk ei tom ølflaske i bakhovudet var:

– Du betyr ingenting lenger! Kan du ikkje forstå...Nei!!! Helge!! Ikkje!!

Tove er gift med Helge og folk såg at han styrta ølflaska før den blei smelt i bakhovudet på Ole-Johnny. Det som er flott her ute er at det finst ein uskreven regel om at når ein slåss er det to ting som er forbode. Det første er ballene. Ingen slår eller sparkar gutta boys. Det andre er tinningen. Alle har ein innebygd skrekk for tinningen. Treff ein den er det liksom ikkje håp for noko. Blir ikkje grønnsak eingong. Ingen hadde fått varige mén etter eit oppgjer på Giske.

Ole-Johnny vakna åleine i snøen utanfor samfunns-
huset. Han hugsar ikkje kor lenge eller korleis, men Ole-Johnny hadde erfaring med slikt. Han var ein kløppar på

trøbbel. Den generelle haldninga til det motsatte kjønn var at om ingen ville ha han, stod det alltid negresser og baud seg fram på Karl Johan. Valet var trist, men kva kan ein gjere når til og med prisen er til å leve med. Det er faktisk eit spørsmål om ein vil bli sugd, ridd eller kjøpe seg ein kebab med tilbehør og cola, brukte han å argumentere.

– Eg veit mykje anna eg kunne rote bort 3-400 kroner på og det er no for ei god sak, eller godsaker, lo han når kollegaene hadde horedebatt.

Når Ole-Johnny var i siget hadde han ein eigen teknikk for å bryte isen. Han gestikulerte tommeldansen til Bård og Harald og song så høgt han makta:

– Let me put my beef in your taco!

Det letta stemninga og var eit triks for å vise at han ikkje ville horene noko vondt. Han la alle korta på bordet. Like etter lønn hadde ei av dei blitt med heim. Han hadde lagt ut om det på julebordet i fjor, men prøvde å moderere seg då han forstod at ingen vart vidare imponert.

– Vel, ein gong er vel knapt rutine, men ho kom fortere enn Peppes, hadde ein meir variert meny og heldt varmen heile natta, lo han før han ropte skål av full hals.

Ole-Johnny orka ikkje å sjekke kuttet i bakhovudet. Han var trass alt i live. Han konstaterte at stjernehimmen var ekte saker og ikkje eit resultat av kveldens bakhaldsangrep. Han vridde hovudet sakte og fann Karlsvogna. Han tenkte på faren som låg heime og søv. Tenkte sikkert at den vetle 38-åringen hans koste seg med gamle vener på dans. I morgon kom faren til å lure på kvifor Ole-Johnny brukte ein slik idiotisk caps når han åt middag. Ole-Johnny visste ikkje kva han kom til å svare. Det

måtte vente. Han hørde dunking frå huset og bandet var framleis i toppform. Det var regionalt sett det beste spele-til-dans-bandet som alltid var her. Trubadurex. Idrettslaget hadde booka dei 40 år fram i tid. Minst. Vokalisten var alltid i storform og bassgitaristen brukte berre 5 strenger. Eit modig valg. Dei fleste banda av same slaget hadde alltid 6-strengs bass. Det var visst noko statusgreier som skjedde på slutten av 80-talet. Det var faktisk to bassister som hadde gitt opp i ung alder då dei blei nekta å handle på Ålesunds einaste musikkforretning. Dei ville bestille kvar sin Høfnerbass, ein slik som McCartney brukar. Problemet var at den berre hadde fire strengar.

– Kva er vitsen med fire strengar når du kan få seks, lo dei bak disken.

Bassduren dunka i veggen. Ole-Johnny trudde han kjente igjen Living Next Door to Alice og fekk rett då heile forsamlinga ropte; Who the Fuck is Alice, i refrenget. Tida foranda seg, det var verre med menneska, brukte faren alltid å seie.

Ein drosjebil lyste opp snøfonna som Ole-Johnny låg skjult bak. Eit flørtande par som hadde det meste i boks for natta hoppa inn i drosjebilen. Stjernene blei sterkare då billysa forsvann oppetter den smale vegen. Ole-Johnny tenkte på ein stor saftig kebab. Når han kom til Oslo andre nyttårsdag skulle han ha den største kebabben Kirkeristpakkisen kunne by på. Han skulle spandere på alle dei andre taparane som hadde funne vegen dit. Han likte tanken. Så kom lyden av Purple Rain som kveldens siste låt. Den var alltid sist. Alltid. Ole-Johnny blei sint når han tenkte på kor lite ting hadde forandra seg her ute. Faren hadde rett.

Den viktigaste tradisjonen var framleis dei 10-12 som

møttes til vorspiel i kjellerleiligheita til Kongen. Kongen digga Level 42 på 80-talet og etter at han møtte Mark King, vokalisten, på ein konsert i Sandane kalte folk han for Kongen. I seks-tida tok alle på seg dei finaste, og derfor glattaste, skorne og la i veg. Det å kome fram på isføret utan å knuse flaskene eller vitale kroppsdelar var en siger og Ole-Johnny tok alltid med seg to flasker i to posar. Ein i kvar hand. Han hadde ramla stygt i 1997 og skar av seg halve fingaren på ei heilflaske Kosken. Det blei eit helsikes styr med taxi og syng. Ole-Johnny måtte reise rett på dansen, så godt som edru. Offa.

I år vart dei ein mindre. Martin hadde fått seg dame, og då var det slutt på Kongens kjellarstove for hans del. Drit og dra, hadde Ole-Johnny sagt til Martin i telefonen før han la på.

Det viktigaste for Ole-Johnny var at Kongen aldri fekk fast følgje. Dei fleste møtte opp presis, alle tok med den drikka dei ville og delte brodarleg. Ole-Johnny følte han hadde fått det til i år og tenkte at han scora på tilbehøret. Han hadde med seg ein pakke salt, to kilo sitron og to deilige Tequilaflasker. Kvar flaske hadde ein liten raud plashatt på toppen. Ole-Johnny trudde at det var nissehattar og forstod ikkje at det var sombreros. Han gav lenge og vel uttrykk for kva han meinte om at polet hadde kasta seg på julebølgja. Andre tok med seg øl, nokon kartongvin og Mindor hadde ei halvflaske Baileys. Ole-Johnny var ikkje begeistra for sjokoladedrikken.

– Hva faen er det? Baileys? Negersæd på flaske!

Mindor visste at han aldri ville komme ut av skapet. Øybruarane hadde kasta nøkkelen for mange år sidan.

Cd-spelaren spelte *Best of Sting* på random. Ole-Johnny fordelte salt mellom tommel og peikefingar for

dei som var klar for partytime med deilig Mexicosprit. Salt, sprit og sitron. Dei ropte som vanleg Mechicho etter at sitronen var fortært. No kom julestemninga, to dagar for seint som alltid. Ole-Johnny fekk pressa Mindor til å ta ein Tequila Suicide. Først sniffa han salt, spruta sitron i auga og med god hjelp fann han faenskapen som han drakk. Dei fleste lo mens Mindor grein seg fram til badet. Det var då den første meldinga til Ole-Johnny vibrerte. Ho takka for gåva og sa at den var søt. Takk, smilefjes, Tove. Kwart år kjøpte dei ein ting til kvarandre for ein hundrings. Hadde gjort det sidan gymnaset, då dei nesten var kjærestar. Militæret for Ole-Johnny og ambisjonar om ei studiefremtid for Tove sette ein stoppar for kjærleiken. Merkeleg nok hadde dei denne gåvetradisjonen enno. I år hadde han gitt Tove ein nøkkelring med ein stor T inngravert. Ho gav ein penn.

Forholdsviis kjapt hadde gjengen tømte den eine tequilaflaska og planen var å roe ned med Jägermeister som Kongen hadde førebudd i frysaren. Hostesaft med deilige biverkningar, sa Kongen. Ole-Johnny hadde det for seg at han var verdas beste DJ i fylla og etter å ha plassert Sting trygt oppå ein stabel med cover fann han den vanlege samle-cden. Han visste at stemninga tok av når pop-trance-bandet Twenty 4 Seven ljoma ut av anlegget med songen *Slave to the Music*. Dei fleste kjende sangen og når Ole-Johnny dansa på sitt hottaste klappa dei han opp på bordet. Han tok trikset med å fjerne juleduken utan å rydde glas og saltstenger først. Kongen lo og henta tørkerullen. Ole-Johnny dansa like godt inn i neste song og må ha vore i ein poptrance då Kongen skrudde ned lyden.

– Taxiane er her!

Kvelden så langt var ein suksess, tenkte Ole-Johnny. Det gjaldt tydelegvis å gi seg på topp. Han lot den siste flaska stå og på veg ut skimta han Mindor som søv på badet.

I taxien ned til idrettshuset fekk han ei ny melding. Ho lurte på om han skulle sjå Trubadurex. Ole-Johnny sendte eit smilefjes tilbake. Han likte godt desse teikna, hadde aldri vore nokon kløppar på alfabet og tal. I fylla var det ekstra håplaut å knote ned noko. Ole-Johnny lente seg fram mot sjåføren og snøvla om han visste kva KEK stod for. Sjåføren sa at Ole-Johnny måtte sette seg tilbake i setet. Ole-Johnny maste om igjen og sjåføren forstod til slutt kven som hadde kommandoen.

– Eg veit ikkje.

Ole-Johnny lo som den einaste.

– Gjett da, di feite fitte.

Sjåføren drog på det før kongen som sat i passasjerse-
tet prøvde å glatte over Ole-Johnnys framferd.

– Kongen er Kåt?

Alle lo seg skakke.

– Det stemmer nok, men det er feil, sa Ole-Johnny.

Avstandane på Giske er korte og Kongen la ut for turen. Alle var einige om å dele rekninga då dei kom inn. Sjåføren sveiva ned vindauget.

– Kva betyr det då?

Ole-Johnny hadde nesten gløymd det heile.

– KEK står for... Noregs Dysleksiforbund.

Ole-Johnny lo godt mens han sjangla mot køa. Taxi-sjåføren tok den ikkje før langt ut i neste tur. Passasjerane trudde han lo av dei og blei fornærma. Tipsen rauk så det suste.

Trubadurex spelte Clapton då gjengen kom inn.

Idrettslaget hadde fått midlertidig skjenkebevilgning og det var nok den tabba Ole-Johnny hoppa på. Etter å ha bestilt vodka med juice for fjerde gong fekk han beskjed om å lufte seg. Stort sett kranгла han på slike idiotiske forslag, men Tove kom inn døra. Han gav seg på det og blei ein sympatisk kar som skulle gjere livet lett for vaktane. Ho såg ikkje Ole-Johnny med det same, men då augekontakta var i boks heldt dei den ei stund. Mannen hennar var ikkje å sjå og det skal Helge ha, han blir sett. Som leiar for kommunens einaste treningsstudio har han kroppen deretter. Ole-Johnny hadde ikkje noko problem med å forstå at Tove satsa på han, men akkurat no skulle han ha ein dans for gamle dagars skuld. Han viste med handa at ho måtte vente litt mens han gjekk bort til bandet. Dei var midt i *Have You Ever Seen the Rain*. Vokalisten prøvde å hinte til to vakter. Vaktene forstod ikkje helt kva det gjaldt og i mengden sprang Ole-Johnny inn i Tove. Dei sa ikkje stort. Trubadurex skulle ha pause og *China in Your hand* med T’Pau ljoma ut av høgtalarane. Ein ung og lovande dj-jypling frå Valderøya vart husets midtpunkt i tjue minutt.

Ole-Johnny tok dansen og sjølv om Tove var skeptisk lot ho seg føre. Endeleg. Det var mange som dansa og ho aksepterte at han drog henne inntil seg. Han kjende lukta som var den same etter alle desse åra. Han tenkte på korleis det kunne ha blitt. T’Pau nærma seg klimaks og det føltes nok som eit heilt rett tidspunkt å seie det på. Han tok vekk dei lyse krøllane og sa det forsiktig. Første gong hørde ho ikkje. Gud ga Ole-Johnny denne sjanse nummer to. Ein omserve som han skulle slå kraftig i nettet.

– Let me put my beef in your taco, ropte han.

No forstod ho og ein lyt seie at Tove ikkje tok det på same måten som afrikahorene. Ho reiv seg laus og i og med det var ein dårlig DJ frå naboøya blei det stille mellom songane. Tove tok to skritt bakover og alle stoppa opp. Ho var på gråten.

– Kva er det du vil?!

Ole-Johnny var utan svar og hadde nok med å stå oppreist. Ho ropte det same ein gong til sjølv om det var heilt stille i lokalet. Ole-Johnny prøvde seg på noko som likna tommeldansen og var ikkje på vakt.

– Du betyr ingenting lenger. Kan du ikkje forstå... Nei!! Helge!! Ikkje!!

No hadde Ole-Johnny klart å sette seg opp i snøfonna. Basslyden var borte. Ingen ropte og hoia. Festen var over. Han reiste seg og fann ut at det ikkje var noko til kutt å snakke om, men skorner var borte. Overraskande nok hadde han skinnjakka på og mobilen låg i lomma. Ingen meldingar eller ubesvarte anrop. Det hadde blitt mildare og snøen var slaps. Ole-Johnny tenkte på pennen som han hadde fått av Tove. Han kunne kanskje skrive eit brev og forklare.

Det var då han leitte etter husnøklane utanfor huset til faren at han kom på kva Tove skulle få til presang neste jul. Han visste det allereie no. Neste år skulle han sende henne ein fint innpakka pakke med ingenting. Det var det ho skulle få frå gamlekjærasten. Absolutt ingenting. Om han berre fann nøklane skulle han skrive ned ideen.

PUSLESPEL

Folk flest kjenner Roar som Thomas River. Han er Noregs nye flaggskip innan kunst. Faren vil påstå at han er Noregs nye flaggskip på generelt grunnlag. Han argumenterer med at Heyerdahl er død og Solskjær er ferdig. Thomas er den største, seier han og legg til at det heile starta med tre idiotar.

Kvelden før Ungdommens Kulturmønstring '93 såg faren påmeldingslappen. Roar hadde meldt seg på sjølv og då faren spurde om kva han hadde i tankane ville han ikkje seie det. Faren visste at sonen var god i matte og fysikk. Han hadde foreslått minst 20 songar før Roar ropte at han ikkje skulle syngje. Faren vart letta og hadde med vilje ikkje nemnt «The Rose» med Bette Midler. Han hadde vore på kulturmønstringa året før og tre jenter hadde den på repertoaret. Alle gjekk vidare til fylkesfinalen. Korrupsjon gjennomsyrrer samfunnet i alle ledd, hadde han ytra i eit innlegg som Utposten ikkje tok inn den påfølgjande torsdagen.

Då faren kom inn i den tette lufta på rommet til Roar for å sjå meisterverket visste han først ikkje kva sonen meinte.

- Slutt å tulle. Du kan då ikkje stille ut det.
- Kvifor ikkje?

Faren leitte litt.

– Eit puslespel? Alle kan då pusle eit puslespel?

Roar såg overraska ut. Han var 17 år og skulle endeleg vise fram noko han hadde gjort.

– Eg er sikker på at alle ikkje hadde klart dette, sa Roar.

Puslespelet var på 4000 brikker og motivet var Ålesund sentrum sett frå Fjellstova. Ein klassikar.

– Men det er jo maleri og foto ein brukar å stille ut. Ikkje puslespel.

– Eg stiller det ut.

Faren forstod at det var bare å kalle på pedagogikken.

– Skal eg hjelpe deg med å lime brikkane?

– Om du køyrer meg bort til idrettshallen i morgon tidleg er det bra nok.

– Sjelvsagt. Eg køyrer deg.

Det tok nokre timar før faren fell i søvn den natta, men han folda hendene for at sonen skulle innsjå begrensningane ved å stille ut eit puslespel.

Neste dag sat Tjukkebolla, Psycho og Beinrangel bakerst i bussen. Psycho hadde rappa eit glas med Vademecum frå badet heime. Planen var at om ein drakk nok kunne ein kanskje verte rusa. Det mest geniale med prosjektet var at spritstanken blei omforma til ein utruleg god ande. Spriten kom ut i dråpar og prosessen tok tid. Det gjorde også den korresponderande bussen som skulle ta dei til kulturmønstringa og Tjukkebolla fekk samla nesten heile innhaldet i ei tom colaflaske. Han var klar for bonski. Beinrangel var som vanleg stille og lo forventningsfullt utan lyd. Beinrangel ville så gjerne vere ein annan enn den han var, men det var ikkje så lett no. Tjukkebolla lukta på herlegdommen.

– Ein, to tre og på det fjerde skal det skje, ropte Psycho.

Tjukkebolla let att auga og colabotnen gjekk i veret.

– Åh fucketifuck, ropte han etter at jobben var gjort.

Han fekk att pusten då bussen kom. Psycho og Beinrangel nippa forsiktig til vademecumflaska, mens Tjukkebolla var godt i farta.

Dei gjekk av bussen då Roar og faren parkerte utanfor hallen. Inne var det rekordoppslutnad og dette kunne verte flaut for både kreti og pleti, tenkte faren. Han heldt maska og bar inn puslespelet som var dekkja med søplesekkar. Roar blei henvist til eit staffeli i enden av fotoutstillinga. Det var litt gøymt så det kunne gå bra. Faren kjende at han vart varm i andletet då dei svarte sekkane med kommunelogoen vart fjerna. Roar verka nøgd og faren spurde om han ville ha brød eller lompe.

– Det veit du.

– Drikke?

– Solo.

I pølsekøa trefte faren den helvetes naboen som spurde ironisk om han skulle syngje i år. Han lo høgt av seg sjølv heilt til faren forklarte at hunden til naboen vart påkøyrd og at han hadde stappa den ut.

– Den står borte ved søpla der om du vil ta ein titt, sa han.

Naboen mista lysta på hot dog. Tilbake ved puslespelet fann ikkje faren nokon og dommarane hadde allereie starta ved fotoutstillinga. Når vi først hadde stilt opp ville det jo vere kjekt å få dommen face to face, tenkte han og såg seg rundt. Han leita litt og frå avstand fekk han auge på Tjukkebolla, Beinrangel og Psycho. Trioen stod ved puslespelet. Dei lo og særleg Tjukkebolla var i

godt humør. Faren tenkte at han burde ha gått bort til dei, men lot det ver. Dommarane nærma seg og Roar, som kom frå toalettet, sprang mot dei tre idiotane. Han såg at sonen vart fortvila og gjekk bort til kunstverket.

– Idiotar altså, sjå her då? sa han og peikte.

– Oj, sa faren.

Det mangla ein bit. Idiotane hadde tatt med seg delar av eit tak. Geometrisk sett såg det faktisk ut til at det var biten i midten. Far og son rakk ikkje å bli rådville. Dommarane, som kom frå fylkeskommunen i år, stod rett bak dei. Den eine av dei fnaus litt då han oppdaga at det var eit puslespel, men dama vart interessert då det gjekk opp for henne at biten i midten var borte.

– Interessant, sa ho og skreiv ned på eit ark kva ho meinte. Dei andre dommarane gjorde det same.

Det var mot slutten av mønstringa faren fekk tak i nakken til Beinrangel. Han og Psycho stod og venta på Tjukkebolla som var på do. Psycho lurte på kva faren dreiv på med.

– Eg såg dykk.

Faren kneip litt hardare og Beinrangel begynte å grine. Beinrangel sprang ut med tårer i auga då Tjukkebolla kom ut frå toalettet.

– Kvar er biten, ropte faren.

Tjukkebolla som stort sett er tøff i trynet var ikkje i humør til å diskutere. Faren tok tak i han og rista flesket slik at den feite magen dansa som gele. Tjukkebolla gulpa litt og faren forstod akkurat tidsnok at her var det ein som var klar for ei ny spykule. Ordføraren som hadde venta på tur, hadde no okkupert toalettet. Tjukkebolla rista i dørhanken medan han spydde det han makta. Stanken av parmesan og munnvatn fylte rommet. Faren gjekk inn i

hallen og satsa på at nokon andre brydde seg. Syngedelen var snart over og ei feit jente avslutta med The Rose. Applausen var i overkant og den feite jentungen grein av glede når ho gjekk bort til den enda feitare mora som stod backstage og venta på dottera med to pølser som premie.

Dommarane hadde brukt lang tid på å finne ut hvilke tre stjerneskot som skulle reise til Molde og fylkesfinalen. Faren hadde gløymt heile puslespelet og Roar sat oppe på tribuna og las i Programbladet. Dommarane sa at det hadde vore ekstrem høg kvalitet i år og det til tross for at det var rekordmange deltakarar. Ei sjølvmotseiing som ingen brydde seg om. Den første som vart ropt opp var den tjukke jentungen. Den andre deltakaren var sonen til rektor. Han hadde teke eit bilete av faren mens han søv. Motivet var sjukt kjedeleg, men det var sylskarpt og i svart/kvitt. Det såg ut som eit klassisk bilete, slik som dei proffe fotografane tok på 50 og 60-talet. Då Roar blei ropt opp som den siste som gjekk vidare, forstod ingen at det var mogleg. Men då dommarane forklarte den djupe meininga og at det ikkje skal meir til for å få oss til å tenkje litt annleis, lot publikum seg rive med. Alle tre fekk trampeklapp og faren vart stolt. Naboen rista på hovudet idet dei passerte. Suksessen var fullendt. Roar vart intervjuja saman med pølsejenta og rektorsonen. Utposten var på pletten for å ta bilete av dei nye stjerneskota.

På veg heim sa Roar og faren minimalt. Tjukkebolla og Psycho sat i busskuret. Det såg ut som dei fraus. Då dei kom heim løfta dei Ålesund sentrum utav bilen. Roar takka faren for at han hadde køyrt.

– Sjølsagt. Ein lyt jo stille opp for kunsten.

Då Roar, etter å ha vunne landsfinalen, blei spurt av

VG om han hadde eit kunstnarnavn sa han at han heitte Thomas River. Roar Tomassen var frå den dagen historie. Han flytta som alle veit til London og utvikla ideen til det magiske. Han var det hottaste hotte og høgdepunktet så langt var Oprah Winfrey show. Han hadde pusla nokre bilete av kvite kjendisar, men gjort dei om til negrar. Han hadde som vanleg fjerna ein brikke av andletet. Bette Midler var der og saman med Tom Cruise hadde dei det ustyrteleg morosamt hos Oprah.

Ein morgon fekk faren eit postkort. Det var frå den fyrste Guggenheimutstillinga til sonen i New York. På baksida stod det ingenting bortsett frå namnet og adressa. Eit puslespel av Thomas River pryda kortet. Han er vaksen no, tenkte faren. Han bladde vidare i posten og på framsida av Utposten stod det at kong vinter var i anmarsj. Før han gjekk inn såg faren på kortet ein gong til. Han hadde ikkje lagt merke til det med ein gong, men i puslespelet av Thomas River var alle bitane på plass. Då faren tok tak i døra høyrde han hunden til naboen som bjeffa ustanselig.

POSTLUDIUM

Når nokon døydde var det alltid to som blei med i dragsuget. Folk følte seg i faresona og alle vart litt snillare. Folk flest var heime no. Heime for å sjå den avgjerande landskampen. Det var briste eller bere for fotballspelarane, trenaren, støtteapparatet, sponsorar og nasjonalkjensla. Sonen til presten kveila saman høgtalarleidningane som kyrkja hadde fått låne av skulen. Han var alltid høfleg, men sveitta og stressa seg opp no. Faren stod i kyrkjedøra med nøkkelen klar. Dei etterlatne gjekk frå grava og sette seg i bilen til Peder som venta. Etter at Peder hadde vunne 12 rette i tipping for 11 år sidan hadde han fått auga opp for fotball. Favorittlaget hadde ved loddtrekning blitt Crystal Palace. Han trengte ein opptur med dagens landskamp etter nokre magre år med CP. Peder såg trist ut då dei kørde frå gravplassen. Han nikka til Perdy i baksetet. Peder var glad for at ho hadde kommet den lange vegen frå USA.

Dei passerte Ferje-Petter som gjekk ned mot den gamle kaia. Peder tuta med bilen og Ferje-Petter snudde seg for å helse. Han såg ikkje kven det var, men i eit slikt tilfelle er det tanken som tel. Ferje-Petter ville blitt pensjonist i år om han hadde hatt jobb. Etter alle åra på ferjekaia hadde han god nok grunn til å bli førtidspensjonert då

brua kom. Hadde ikkje angra ein dag, brukte han å seie. Kva han tenkte når natta kom visste ingen. No kjende han på gikta at vinden snart kom til å snu.

Alle hadde blitt overraska då Perdy tok ordet i kyrkja. Det var ikkje så truverdige, men det ho sa på engelsk var fint. Ferje-Petter trudde han hadde hørt det før, men alderen var ikkje lenger ein kompis å lite på. Nede på kaia var det stille. Vinden fekk ikkje tak her og båtane skvulpa så vidt det var. Ferjetidene hang på same plassen. Han kunne dei enno, men til inga nytte. Kiteklubben brukte vakt-huset no. Det var visst eit av dei finaste vêrforholda for kiting og kommunen hadde leigd ut kaihuset til utstyrsrom. Dei hadde til og med fått lås. Det var sikkert verdifullt med slik kiting tenkte Ferje-Petter. Kvar gong han var her nede kjende han på døra. Det hadde nok utvikla seg til ein tvangstanke. Den var låst denne gongen og. I det fjerne såg han ein båt. Det var vanskeleg å kjenne den igjen utan kikkert.

Heilt ute på piren blafra det i ein plastpose frå Space-world, full av sløyd småsei. Han fekk auge på ein stim med småfisk som forsvann under kaia. Nokre sjøstjerner klamra seg til dei tjukke stolpane og Ferje-Petter var sikker på at det må ha vore kråkebollerekord i år. Det bles kaldt ute på enden og det var framleis ikkje mogleg å dra kjensel på båten. På veg tilbake til kitehuset såg han ein sykkel som hadde grodd fast i botnen. Hadde han vore i godt gammalt slag skulle han ha fiska den opp og gjort det beste utav det.

På veggen ved bommen var det framleis merke etter bjølla. Etter den siste avgangen hadde han skrudd den ned og hengt den opp heime. Kvar morgon og kvar kveld ringde han med bjølla. Ferje-Petter stokk til då han opp-

daga eit piggsvin som skunda seg langsamt oppover kaia. Litt av eit liv, tenkte han.

Vinden kom meir frå nord og sand som låg langs kai-kanten virvla seg opp og utover sjøen. Han let att auga. Sanden gjorde det vanskeleg å sjå. Det var overraskande deilig og varmt med nordavind. Han tenkte på den gongen då alle i klassa hadde stått på skigarden ved kyrkja og bretta jakkene opp bak hovudet som segl. Sistemann som bles over ende var vinnaren. Han kjende lukta av tjære som var den same etter alle desse åra. Saltvatn og tare. Tenkte på somrane som aldri kom og vintrane som aldri tok slutt. Ferje-Petter strauk handa over jakka si, buksa. Det er den første uniforma han hadde. Med hatt og det heile. Den sat framleis som eit skot. Mora var stolt, men faren følte sviket over at odelsguten ikkje ville ta over garden.

– Ferjemann? Kven i helsike vil bli ferjemann, sa faren.

– Korleis skal mjølkebilen kome i land om ingen er ferjemann, svarte Ferje-Petter.

Det skulle ikkje meir til for å bli arvelaus, men kven bryr seg. Livet på kaia hadde vore godt.

Han kunne høyre bilane som venta med motoren på. Bak moloen var det ungdom som lo og pressa kvarandre til å stupe frå det høgste punktet. Jentene solte seg nesten topplaus og radiokanalen spelte songane som alle likte. Då såg han båten som kom frå det fjerne, den han ikkje kjende igjen utan kikkert. Det var ferja, berre i ei mindre utgåve. Propellane skumma opp vatnet då Sjøbris la til kai med eit dunk. Ferje-Petter følte seg fram til den grønne knappen og bommen opna seg. Nokon helste, nokon klaga muntert og forpliktande på det fine veret og nokon sa aldri noko som helst. Dei hadde nok med sitt

og sine. Det var ikkje mange bilar, men Taxi-Arne var lett å kjenne igjen på dieselmotoren. Der kom mjølkebilen og ein motorsykkel. Med eit rutinert vink var det gjort, sjølv om handa var noko stiv etter alle desse åra. Bilane kørde om bord og den raude knappen senka bommen. Idet han skulle ringe med bjølla for avgang hørde han nokon som ropte at ferja måtte vente. Det var alltid ein. Ein som alltid venta til det siste for å bli med.

Nedover kaia kom ein eldre mann springande. Frakken var open. Personen var ikkje til å ta feil av. Det var han sjølv. Han prøvde å ringe med bjølla, men den var borte. Han prøvde å opne auga, men det var umogleg. Han såg at han fekk igjen pusten og helste høfleg ved bommen. Ferja var i rute og det var framleis tid for litt småprat og eit verdig farvel. Det var då han kom på det. Det som Perdy las i kyrkja.

Det må ha vore minst tretti år sidan no. Han hadde gøymt seg så godt han kunne inne i ferjehuset. Galne-Perry satt som vanleg oppe på taket og såg på kven som kom og reiste. Denne gongen var det Negeren med kofferten full av bøker. Det er ikkje godt å seie om Galne-Perry var nervøs og at det var derfor det gjekk som det gjekk, men då Negeren stod og venta på halvfem-ferja ropte plutsleg Perry:

– Monkeyface!

Dette var krise. Ikkje hadde Negeren selt ei bok og han hadde sannsynlegvis ikkje nok pengar til returen.

– Ha, ha. Monkeyface, ropte Galne-Perry ein gong til. Negeren var nok ikkje meir nøgd enn han måtte.

– Are you a Monkeyface? svara han.

Galne-Perry måtte le.

– No. I am a Hippopotamus. A Hippopotamus, gjen-

tok Galne-Perry med perfekt Oxford-dialekt, slik rektor ville ha sagt det i timen.

Negeren lo så høgt og kraftig som berre negrar kan. Ferje-Petter sat under respatexbordet med eit pledd over seg. Han høyrde at den raude kofferten vart opna og om litt fekk Galne-Perry eit bokmerke med solsikker på. Han snudde det for å sjå helsinga.

– To Hippopotamus. Galne-Perry lo litt før han fortsette.

God has Promised Us a Safe Harbour, but Not a Safe Journey. From Monkeyface.

Begge snakka om ver og vind då ferja kom. Ferje-Petter måtte ut for å gjere plikta og det var viktig å late som ingenting. Han tok tak i døra, opna den og gjekk rundt hjørnet.

Negeren var borte og Galne-Perry var ikkje på taket. Han såg seg sjølv på den andre sida av bommen. Det var då han visste at den tilmålte tida var ute. Han vart nummer to. Ironisk nok lykketalet. Han var nøgd. Det var småting som ikkje hadde blitt gjort og reiser som ikkje hadde blitt utført, men summasumarum hadde han hatt det betre enn mange. Han hadde ikkje levd slik som stjernene i blada eller dei som heile tida skraut av seg sjølv. Han var ikkje misunneleg på dei som blei rockestjerner over natta og borte ved dagslys. Han hadde ikkje funne den rette, men heller ikkje leita. Han slapp å vere utro og han hadde aldri banka nokon. Ferje-Petter hadde passa på at folk kom seg til og frå for å realisere seg sjølv og egne draumar. Det hadde vore nok. Han hadde ikkje levd alle andre sitt liv, men sitt eige.

Ferje-Petter nikka eit siste farvel og gjekk om bord i

Sjøbris. Han strekte handa opp mot bjølla og kjente at den var på plass. Bjølla kimte ein siste gong og ferja la frå kai. Ferje-Petter fell ned på betongen. Han fekk ikkje puste. Nordavinden kom i tunge kast. Lyden av ferja forsvann. Det siste han såg var det vesle piggsvinet som velberga forsvann inn i sivet heilt oppe ved veggen. Det var godt. Ferje-Petter smilte og tenkte at han får ta det som det kjem.